

Innhald

1. Innleiing	5
Kopling til samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden 2022-2034	5
Kva skal vi oppnå med delprosjektet?	6
Nærare om innbyggjarinvolvering og medverknad	6
Korleis lesa rapporten/kunnskapsgrunnlaget?	7
2. Innbyggjarinnspel Tjeldstø	9
Fakta om lokalsenteret Tjeldstø	9
Identitet og tilhøyrslø	9
Bustad for alle og godt bumiljø	10
Tenestetilbod	11
Lett tilgang til natur	12
Uterom og møteplassar	13
Mobilitet og trygg ferdsel	13
Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring	14
Kor tilfreds er innbyggjarane på Tjeldstø?	15
Kva bør gjerast noko med på Tjeldstø?	15
3. Innbyggjarinnspel Toftøy	17
Fakta om lokalsenteret Toftøy	17
Identitet og tilhøyrslø	17
Bustad for alle og godt bumiljø	18
Tenestetilbod	18
Lett tilgang til natur	20
Mobilitet og trygg ferdsel	21
Uterom og møteplassar	22
Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring	23
Kva bør gjerast noko med på Toftøy?	24
4. Innbyggjarinnspel Knarrvika	25
Fakta om Knarrvika	25
Identitet og tilhøyrslø	25
Bustad for alle og gode bumiljø	26
Tenestetilbod	27
Lett tilgang til natur	27
Mobilitet og trygg ferdsel	27
Uterom og møteplassar	28

Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring	30
Kor tilfreds er innbyggjarane?	30
Kva bør gjerast noko med i Knarrvika?.....	31
5. Innbyggjarinnspel Møvika/Ulveset.....	32
Fakta om Møvika/Ulveset	32
Identitet og tilhøyrslø	32
Bustad for alle og gode bumiljø	32
Tenestetilbod.....	33
Lett tilgang til natur	34
Mobilitet og trygg ferdsel.....	35
Uterom og møteplassar.....	36
Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring	38
Kor tilfreds er innbyggjarane?	39
Kva bør gjerast noko med på Ulveset/Møvika?	39
6. Innbyggjarinnspel Fjell.....	41
Fakta om Fjell	41
Identitet og tilhøyrslø	41
Bustad for alle og gode bumiljø	41
Tenestetilbod.....	42
Lett tilgang til natur	43
Mobilitet og trygg ferdsel.....	44
Uterom og møteplassar.....	45
Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring	45
Kor tilfreds er innbyggjarane?	46
Kva bør gjerast noko med på Fjell?	47
7. Innbyggjarinnspel Spildepollen	48
Identitet og tilhøyrslø	48
Bustad for alle og gode bumiljø	49
Tenestetilbod.....	49
Lett tilgang til natur	50
Mobilitet og trygg ferdsel.....	51
Uterom og møteplassar.....	53
Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring	53
Kor tilfreds er innbyggjarane?	54
Kva bør gjerast noko med i Spildepollen?	54

8. Innbyggjarinnspel Stranda.....	55
Identitet og tilhøyrse	55
Bustad for alle og gode bumiljø	55
Tenestetilbod.....	56
Lett tilgang til natur	57
Mobilitet og trygg ferdsel.....	58
Uterom og møteplassar.....	60
Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring.....	61
Kor tilfreds er innbyggjarane?	62
Kva bør gjerast noko med i Stranda?	62
9. Kva er felles og kva skil lokalsentera frå kvarande?	63
Dette er felles ved lokalsentera	63
Dette er unikt ved dei ulike lokalsentera	64
Dette bør vi ha fokus på i arealdelen til kommuneplanen.....	65
Vedlegg 1: Tilbakemelding frå råda - innspel til utvikling av lokalsentera	67

1. Innleiing

Dette er den første rapporten i arbeidet med delprosjektet «lokalsenter-, kommunedelsenter- og bygdestrategiar». Prosjektet er del av kunnskapshentinga for å utvikla strategisk planprogram for arealdelen til kommuneplanen for Øygarden (jf. [\(KS-sak 232/23\)](#)). Innspela vi får gjennom medverknadsaktivitetar skal fungera som grunnlag for politiske drøftingar om prinsipp for arealbruk i lokalsentra, kommunedelsentera og bygdene i Øygarden.

Denne rapporten summerer opp innspel som gjeld dei sju lokalsentra.

Kopling til samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden 2022-2034

[Samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden](#) (KPS), med vedtekne arealstrategiar, er førande for



delprosjektet. Eit hovudgrep i vedtekne arealstrategiar, er ein senterstruktur med fire nivå (jf. figur 1.1.). Denne senterstrukturen skal bidra til at innbyggjarane, uavhengig av kvar dei bur i Øygarden, får korte avstandar til tenester i sitt næraste senter.

Kvart nivå i senterstrukturen har tilhøyrande strategiar for korleis areala, på eit overordna nivå, skal nyttast, kva for funksjonar og tenester som typisk bør tilbydast og korleis både sentra og bygdene kan utviklast og styrkast med utgangspunkt i dei ressursane og kvalitetane dei har (jf. kapittel 9 i KPS).

I mai-juni 2024 har det vore medverknadsmøter, og ope for innbyggjarinnspel til utvikling av dei sju

Figur 1.1. Senterstrukturen i Øygarden (jf. [Samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden](#)).

definerte lokalsentra. Mål for samfunnsutviklinga, vedteken senterstruktur med tilhøyrande «arealstrategiar for lokalsentra» (kapittel 9.3 i KPS og faktaboks), har vore førande for innspela. Merk likevel at arealstrategiane for korleis «vi skal ta heile kommunen i bruk» (jf. kap. 9.1 i KPS), «styrka oss som næringskommune» (kap. 9.6) og «ta vare på naturen vår» (kap. 9.7) også har verknad på korleis areala i lokalsentra bør brukast i framtida. I tillegg er delmål om «bustad for alle», med tilhøyrande strategiar, viktig grunnlag for delprosjektet og kunnskapshentinga.

Kva skal vi oppnå med delprosjektet?

Mandat for delprosjektet er som følgjer (jf. [KS-sak 232/23](#)):

- utdjupa samfunnsdelen sine lokalsenterstrategiar for nærmiljøutvikling, bustader og enkelt kvardagsliv for alle
- fastsetta lokalsentra si utstrekning og omfang av fortetting og tenestetilbod
- avklara korleis vi kan leggja til rette for bustader for alle i lokalsentra
- utvikla småskala næring basert på ressursane og identiteten/særtrekka som lokalsentra har.

Nærare om innbyggjarinvolvering og medverknad

Arealdelen til kommuneplanen, som dette prosjektet er ein del av, skal utarbeidast etter plan- og bygningslova, noko som inneber krav om medverknad (jf. pbl § 5-1). Kunnskapen som ligg til grunn for denne rapporten, byggjer på medverknad frå:

- barn og unge, i form av barnetråkk i barnehagar og grunnskulen (hovudsakeleg 5. og 8. trinn),
- gjennomførte innspelsmøter i dei sju lokalsentra,
- tilrettelegging for gjestebod,
- digital kartløyising på Øygarden kommune si nettside,
- innspel frå og drøftingar med dei tre råda (jf. ER-sak 026/24, RFF-sak 022/25 og UR-sak 027/24).

Medverknadsperioden starta 22. april, og det var mogleg å koma med innspel fram til 13. juni. Moglegheita til medverknad vart formidla slik:

9.3 Arealstrategiar for lokalsentra Stranda, Spildepollen, Fjell, Møvika/ Ulveset, Knarrvika, Toftøy og Tjeldstø

Namn på strategien:

Vi skal styrka lokalsentra som den lokale møteplassen, med korte avstandar til kvardagstilboda for dei som bur her og dei som bur i bygdene rundt.

9.3.1 Viktige grep for å styrka lokalsentra våre

- Alle lokalsentra treng ikkje å ha identiske tilbod, og gode kollektivtilbod eller mobilitetsløyisingar vil opna for at funksjonar vert delte mellom lokalsentra og kommunedelsentra.
- Leggja til rette for kvardagstilbod som skule, barnehage, daglegvare, småskalaforretning og -tenesteyting, lokale kultur- og fritidstilbod, inkluderande møteplassar og attraktive uterom.
- Styrka lokalsentra med bustader tett på kvardagstilboda.
- Knutepunkt for kollektiv og transport frå bygdene, og vidare mot dei andre senterområda og -nivåa i kommunen.
- Det må leggest til rette for innfartsparkering ved aktuelle knutepunkt.

4.2.3 Alle innbyggjarane i Øygarden har tilgang på trygge og tilgjengelege bustadar

- Vi skal sikra variasjon i bustadtilbodet i heile kommunen, og tilby ulike bustadar og buformer som passar for ulike livsfasar og livssituasjonar.
- Vi skal leggja til rette for meir mangfald og variasjon i alder- og familiesamansetning i sentrumsområda, ved å tilby bustadar i ulike størrelsar og priskategoriar.

- SMS til alle innbyggjarar og grunneigarar over 16 år med lenke til nettsida om meir informasjon.
- Annonse i Vestnytt i forkant av møtene, og gjennom medverknadsperioden
- Informasjon på kommunen sine info-skjermar
- Plakatar og flygeblad på kommunen sine innbyggartorg og bibliotek
- Politikarar hang opp plakatar og delte ut flygeblad i lokalsentera
- Artiklar på kommunen sine nettsider
- Informasjon på sosiale media i forkant av møta og oppdatering undervegs
- Artiklar i Vestnytt
- Oppmoda råda til å dela informasjon med sine interessegrupper

Alle offentlege og private skular og barnehagar har vore invitert til å gjennomføra Barnetråkk. Våren 2024 gjennomførte 21 skuleklassar frå 5.- og 8.-trinn og 12 barnehagar i Øygarden [Barnetråkk](#). Ytterlegare 13 skuleklassar og 1 barnehage gjennomførte kartleggingsprosjektet hausten 2024. På grunn av manglande kompatibilitet mellom kartløyisinga til Barnetråkk og tilgjengeleg IKT-utstyr, har ikkje Danielsen barne- og ungdomsskule (privat) fått gjennomført kartlegginga. Med unntak av to barneskular og ein ungdomsskule har alle dei offentlege skulane delteke i Barnetråkk-prosjektet. Resultat frå barnetråkk som gjeld lokalsentera våre, er nytta som kunnskapsgrunnlag i denne rapporten.

På medverknadsarrangementa i lokalsentera, som vart gjennomført i mai-juni, deltok ca. 220 innbyggjarar.¹ I tillegg fekk vi:

- 22 innspel via den digitale kartløyisinga, og
- 12 innspel i brev- og e-postformat.

Samla har ca. 256 innbyggjarar gitt innspel som gjeld lokalsentera. I tillegg har 13 barnehagar m/hjelp frå vaksne og ca. 568 elevar frå 34 klassar i grunnskulen delteke i gjennomføringa av barnetråkk. Ungdomsrådet, råd for menneske med funksjonsnedsetjing og eldrerådet har også gitt uttale. Uttale frå råda ligg som vedlegg 1 til rapporten.

[Korleis lesa rapporten/kunnskapsgrunnlaget?](#)


Med utgangspunkt i mandat for delprosjektet, har vi bedt innbyggjarane om innspel til sju tema:

- Identitet og tilhøyrse
- Bustad for alle – gode bumiljø
- Tenestetilbod
- Lett tilgang til natur
- Mobilitet og trygg ferdsel
- Uterom og møteplassar
- Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring

¹ Tjeldstø (ca. 35 deltakarar), Toftøy (ca. 30), Ulveset/Møvika (ca. 37), Knarrvika (ca. 27), Fjell (ca. 40), Stranda (ca. 33) og Spildepollen (ca. 20).

Tema tar utgangspunkt i vedtekne arealstrategiar (KPS) og kjent kunnskap om kva for kvalitetar som gjer stader og lokalsamfunn til ein god stad å bu. Metodikken vi la til grunn for innspelsmøta bygger på «stedskompasset», men er forenkla og forkorta for å få tid til gjennomføring.

Innspel frå innbyggjarane er gitt i tekst og kart. Som vist i figur 1.2. har vi fått flest tilbakemeldingar på tema som gjeld «tilgang til natur» (25% av alle innspel), «mobilitet og trygg ferdsel» (22%) og tilgang på «uterom og møteplassar» i lokalsentera (18%).



Figur 1.2. Fordeling av innspel etter tema.

I kapitla som følgjer er innspel frå både barnetråkk og medverknadsaktivitetane systematisert og framstilt tematisk og geografisk i tekst og kart. Tekst som i rapporten er sett i «kursiv», er sitat frå dei tekstlege innspela vi har fått frå innbyggjarane.

2. Innbyggjarinnspel Tjeldstø

Fakta om lokalsenteret Tjeldstø

Tjeldstø er både det nordlegaste og det minste lokalsenteret i Øygarden. I underkant av 500 innbyggjarar bur innanfor ti minuttars sykkelavstand til senterpunktet. Tjeldstø har ein låg andel barn og unge (0-18 år) samanlikna med andre delar av kommunen – rundt 17 prosent. Tjeldstø er også lokalsenteret med høgast andel eldre. Eldre over 67 år utgjer 22 prosent av folketalet i lokalsenteret. 75 prosent av innbyggjarane bur i einebustad.

I gjeldande planar er det potensiale for rundt 100 nye bustadeiningar. Tjeldstø har tenestetilbod som barneskule, privat barnehage, idrettsanlegg, daglegvare, servering, servicetenester og drivstoff. I tillegg er det eit etablert trussamfunn på Tjeldstø.

Identitet og tilhøyrslse

Identitet og tilhøyrslse handlar om kva innbyggjarane meiner gjer lokalsentera til ein god stad å bu, og kva det er som særpregar og knyter dei til staden. Kvalitetane som innbyggjarane løftar fram, handlar også om kva dei «set pris på», er glad i og som dei meiner må takast vare på eller styrkast, i den vidare utviklinga av lokalsenteret.



Figur 2.1. Kva ved Tjeldstø gjer deg stolt? (N=46)

På Tjeldstø er det naturen og nærleik til sjø, med tilhøyrande aktivitetar, som flest innbyggjarar spelar inn som viktige kvalitetar ved staden. I tillegg løftar dei fram nærbutikken og skulen si betydning. Desse tenestetilboda meiner dei må takast vare på for at lokalsenteret skal vera ein god stad å bu.

Bustad for alle og godt bumiljø

Temaet «bustad for alle» handlar også om å gjera Øygarden til ein god stad å bu, og viktigheita av at alle innbyggjarane har tilgang på trygge og tilgjengelege bustadar. Ein viktig samfunnsstrategi for bustadutviklinga i kommunen er:

«Vi skal sikra variasjon i bustadtilbodet i heile kommunen, og tilby ulike bustadar og buformer som passar for ulike livsfasar og livssituasjonar».

Når det gjeld dei sju lokalsentra våre, er det vedteke at: «lokalsentra skal styrkast med bustader tett på kvardagstilbodet».

Innbyggjarane på Tjeldstø meiner det «*trenst fleire bustader*», og at det bør «*byggjast på allereie regulerte tomter; nær butikk, buss, idrettsbane og skule*». Dei er også opptekne av at «*eldre må få boligar nærare butikk og kommunikasjon*». Den gamle sjukeheimen/barnehagen er nemnt som eigna område til dette formålet. Eit av innspela presisera: «*Dersom kommunen ønskjer fortetting i sentera, må den nye arealplanen legge til rette for det*».

Per i dag er mange uroa for bustadbygginga si framtid på Tjeldstø, og viser til vedtak om midlertidig byggestopp i ei utvida sikkerheitssona på begge sider av Vestprosess-rørleidninga. Konsekvensen av utvidinga er at mange byggetomter som per i dag er godkjende, blir liggande innanfor sikkerheitssona og dermed ikkje kan byggas på:

«Tror mange nord i Øygarden er sjokkert når de leser om fremtiden til denne delen av kommunen. I det ene øyeblikket skal Tjeldstø være et av sentrene for utvikling i den nye kommunen. I neste øyeblikk føler vi at denne delen av kommunen nærmest strykes av kartet. Først forholdet til gassrør og byggestopp. Så er det skole- og barnehagestruktur. Begge disse forholdene gjør at utviklingen av Tjeldstø som senter i den nordlige Øygarden vil gå en svært usikker tid I møte. Uten boligbygging, ingen nye innflyttere, ingen butikk, bensinstasjon, bilverksted og landhandel. Dette er en svært skremmende utvikling for oss som bor her».

Uavhengig av uro rund Gassco, meiner innbyggjarane det er behov for «*meir areal til bustadformål*». Dei treng bustader, både for eldre og barnefamiljar. Som nemnt i «*faktaboks*» har Tjeldstø ein relativt stor andel eldre og færre yngre enn dei andre lokalsentera. Difor meiner dei at Tjeldstø bør ha tilbod om bustader for eldre sentralt i lokalsenteret, i tillegg ønskjer dei «*bustader med tilgang til sjø, båtplass og naust*». Kommunen bør også gjera det «*mogleg å utvikla tomter/bustader på eigen tomt, utan urimeleg store rekkefølgekrav*».

Områder og plassar som dei meiner eignar seg til bustadformål er vist i kart 2.1. Forslaga handlar om å setja av areal sentralt, slik at det kan byggjast bustader som passa for eldre. Det bør også vera rom for spreidd bustadbygging i LNF-område og bustader med tilgang til sjø og båtplass.

eldre og eit treningscenter. Det bør også leggjast til rette for ein miljøstasjon lenger nord enn Tjeldstø».

Lett tilgang til natur

God tilgang til natur og sjø er eit viktig særpreg ved Tjeldstø. Naturen og sjøen gjer innbyggjarane stolte, bidrar til trivsel, tilhøyrslø og folkehelse. Å ta vare på naturen er ei vedteken målsetting i samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden (jf. kapittel 9.1 i KPS). Når det gjeld lokalsentra våre, skal vi:

- Prioritera natur- og friluftsareal som er viktige for at sentra våre er attraktive bustadområde
- Disponera areal til å opparbeida tur- og friluftsområde tett på, eller i alle sentersonene

Innspela vi har fått på Tjeldstø viser til at «*Tjeldstø-marka er særst verdifull som turområde*» og at «*stiane i Tjeldstø naturreservat bør gjerast tilgjengeleg for fleire*». I tillegg vert det peika på behov for «*universell tilgang til mark, skog, brygge og kai*». Meir universell tilrettelegging er også ei målsetting i samfunnsdelen til kommuneplanen og i [strategiske planen for kultur, idrett og frivilligheit i Øygarden](#).

Tilgangen til sjø og badevikar meiner innbyggjarane kan bli betre. Her handlar det om tiltak som «*tilrettelagte parkeringsplassar*», «*marknadsføring, betre merking og informasjon*». Slike tiltak vil gje «*lettare tilgang til naturen og naturressursane; så som fiske for turistar og hyttefolk*». Det vert også spelt inn at dei «*manglar båtplassar (Ådnevik) i lokalsenteret*».

Når det gjeld tilgang til natur og sjø meiner dei det finst «*LNF-begrensningar for Tjeldstø og bygdene nordover*». Områder som innbyggjarane meiner er viktige med omsyn til tilgang til natur og sjø, er vist i kart 2.2.



Kart 2.2. Områder i naturen det er viktig å ha god tilgang til på Tjeldstø.

Uterom og møteplassar

Gode uterom og møteplassar verkar også inn på innbyggjarane si identitetskjenning, trivsel og folkehelse. Jamt over tyder innspel på at dei er nøgde med tilbodet av «uterom og møteplassar» på Tjeldstø. Ikkje uventa er det primært *uteplassar i naturen* innbyggjarane viser til som viktige, så som:

- «Naturreservatet og Nordsjøløypa bør gjerast meir tilgjengeleg».
- «Lavvoen som barnehagen etablerte»
- «Badeplassen»

Skulen vert også løfta fram som ein særskild viktig møteplass. I tillegg fungera tenestetilbod som nærbutikken, bensinstasjonen, Alvheimstuene og Grendahuset som plassar der folk er glad i å møtast.

Mobilitet og trygg ferdsel

Trygge og trivelege vegar å ta seg fram til tenestetilbod og nærområda på, gjer at fleire kan gå eller sykla framfor å nytta bil. Fysisk tilrettelegging for meir aktiv og helsefremjande transport kan handla om gang- og sykkelvegar, fortau, snarvegar i terreng, overgangar og reduserte fartsgrenser mm. I samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden står det blant anna at vi skal «*Prioritera trygge og attraktive koplingar og trasear for gåande og syklende innanfor sentersonene*» (jf. arealstrategiar i kap. 9.1.)

Innbyggjarane har meldt inn følgjande behov for å fremma tryggare transport/framkomst på Tjeldstø:


- «Mangler sykkelsti mot sør»

- «Manglar asfalt på del av gang- og sykkelsti i Jensvardvegen»
- «Fotgjengarfelt/undergrunn i Tjeldstø kryss - alt personell må krysse veg for å kome til bussfelt/turstiar».
- «Snarvegjar viktig frå Harkestad til gamle skulen»
- «Tursti mot Sture»
- «Stekkura – gamal snarveg til Alvheim skule»
- «Må gjera det tryggare v/grendahuset som ligg ved hovudvegen. Grendahuset vert mykje brukt av ungdom og småbarnsfamiliar».

Innbyggarane er også opptekne av meir universell utforming. Dei peika blant anna på at dei:

- «Manglar turstiar med universell utforming»
- «Ønskjer fiskerampe for rullestolbrukarar»
- «Trenge fortau til rullestolbrukarar og gåstolar som eldre brukar»

Nokre av innspelane som gjeld behov for utbetringar og kor det er ønskeleg med betre universell tilrettelegging er vist i kart 2.3.



Kart 2.3. Innspel som gjeld mobilitet og trygg ferdsel på Tjeldstø.

Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring

Eit viktig arealstrategisk grep frå samfunnsdelen til kommuneplanen er at sentra sitt særprege og ressursgrunnlag skal kunna nyttast i framtidig utvikling. Dette betyr at det er viktig å identifisera dei ressursane som gir lokalsenteret særprege og eventuelt kan nyttast i småskala næringsutvikling.


Innspela som gjeld lokalt ressursgrunnlag på Tjeldstø viser primært til dei natur- og sjøressursane som finst lokalt. Døme er naturstiar, naturreservatet og fuglereservatet. Det finst også viktige kulturminne/-miljø som torvhus og steingardar. Slike kulturmiljø meiner dei kan nyttast i kultur- og historieformidlinga.

Nærleik til sjø, god hamn, offentleg badevik, båthamn, naustområde er også trekt fram som viktige ressursar for lokal verdiskaping. Å «*etablera felles kaianlegg, utvida båthamna og legge til rette for parkeringsplassar ved tur- og friluftsområda*», vil kunna fremma verdiskapinga. Ein føresetnad for å få dette til er betre: «*marknadsføring, betre merking og informasjon*».

Kor tilfreds er innbyggerane på Tjeldstø?

Figur 2.2. summera opp kor tilfreds dei som har gitt innspel er med høvesvis bustadtilbodet, bumiljøet, tenestetilbodet, tilgang til natur, mobilitet/trygg ferdsel, uterom/møtestader, korleis dei nyttar ressursgrunnlaget og kor god dei trivst på Tjeldstø.

Lågast skår gir Innbyggerane på spørsmålet om dei per i dag nyttar ressursgrunnlaget sitt til småskala næring (2 poeng av 5). Dei er heller ikkje nøgd med bustadtilbodet og opplevinga av mobilitet og trygg ferdsel.



Figur 2.2. Innbyggerane på Tjeldstø si grad av tilfredsheit. 1 er lågast skår, 5 er høgast.

Kva bør gjerast noko med på Tjeldstø?

Innbyggerane er også spurt om kva dei meiner bør gjerast noko med i lokalsenteret. På Tjeldstø er dei godt nøgd med staden sine «*uterom og møtestadar*» (4,3 av 5 i poengskår), men dei ser likevel

behov for at uteområda vert haldt ved like, rydda for boss og stelt. Det er ei tydleg tilbakemelding om at «uteområda treng å bli oppgradert og forskjønna»³.

Innbyggerane er også opptatt av «tenestetilbodet». Som nemnt er skulen og butikken viktig for dei, men dei meiner også at tilbod knytt til sjø, så som fleire felle båt plassar og båthamn bør prioriterast i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen.

I tillegg løftar dei fram «trygg ferdsel og mobilitet». Forslag til betring handlar her om trafikktryggleik, som fotgjengarfelt og meir universell utforming. Dersom det blir prioritert å laga snarveggar og rydda stiar, kan lokalsenteret knytast langt betre saman, meiner dei.

³ I den oppsummerande debatten på Tjeldstø var det fleire som peika på at rydding og vedlikehald av felles uterom var oppgåver som kan løysast lokalt, og at ei slik oppgåve ville vera enklare å utføra dersom det fantes t.d. eit nærmiljøutval/-råd, med litt midlar til disposisjon for å setja i gang tiltak og løysa ulike oppgåver som kjem fellesskapet til gode.

3. Innbyggjarinnspel Toftøy

Fakta om lokalsenteret Toftøy

Vel 1300 innbyggjarar bur innanfor ti minuttars sykkelavstand frå sentrumspunktet. Av desse er omlag 26 prosent barn og unge (0-18 år), medan 15 prosent er 67 år eller eldre. 76 prosent av innbyggjarane i lokalsenteret bur i einebustad.

Det er potensiale for 270 nye bustadeiningar i gjeldande planar. Toftøy har tilbod som barneskule, idrettsanlegg, privat barnehage, samfunnshus, reiseliv/turisme, servering, handel- og servicetenester.

Identitet og tilhøyrslø

På Toftøy, som på Tjeldstø, er det naturen og sjøen innbyggjarane er mest stolt av og gir lokalsenteret særpreg. Innbyggjarane fortel at det finst mange fine plassar og turområde. Vik, blant anna er trekt fram som særleg attraktiv:

«Her er det mange flotte gamle hus. Ein gjengangar blant folk som besøker Vik, er at dei seier at det minner om en liten sørlandsby. Fram i tid må områda rundt Vik ha plass til bonden, dyra og beiteområde. Det finst også ørn, hjort og hegre (Nordlavatnet) her».



For å ta vare på Vik, med sitt særpreg, er eitt av innspela at område «ikkje må koma for tett på bebyggelsen».

Ein annan innbyggjar skriv: «Toftøy har det meste i gangavstand: Skule, barnehage, idrettsbane og turområde. Det blir

Figur 3.1. Kva ved Tjeldstø gjer deg stolt? (N=46).

viktig med eit knutepunkt på Toftøy, midt i mellom Ågotnes og Rong. Ved at det legges tilrette for butikkutvikling på Toftøy, kan grenda haldast i live med folkeliv i alle aldra. Eg er stolt av at ein kan bli gammal ute i distrikta, og leve livet enkelt med kort veg for eldre til butikk, frisør m.m.».


Bustad for alle og godt bumiljø

Gjeldande planar (reguleringsplanar og gjeldande arealdel til kommuneplanen) på Toftøy har eit bustadpotensiale på 270 nye einingar. Innspela peika på at det no er behov for å få i gang bygging i ferdigregulerte felt. Eit døme er: «Dalekletten boligfelt som er regulert for å passe for menneske i alle aldra, både kombinasjonsbygg med butikkmoglegheit, fleirmannsbolig, blokk og eineboligar».

Bustader for eldre vert trekt fram som særleg viktig, gjerne «med hjelp 24/7», eller eit «leilegheitstun der heimehjelp er tilgjengeleg». I tillegg meiner dei det bør vera mogleg med «spreidd bustadbygging i tillegg til i bustadfelt». Å «bygga på etablerte gardar der infrastrukturen er på plass, vil fremma både godt bumiljø og levande bygder».

Bumiljø som finst i etablerte grender som Vik, Torsvik og Toft er haldt fram som døme på korleis dei ønskjer å ha det: «Her finst samhald og fellesskap som gjer ein er stolt».

Innspel som gjeld bustadområder er vist i kart 3.1.



Kart 3.1. Innspel som gjeld bustad for alle på Toftøy.


Tenestetilbod

Skule, barnehage og idrettsanlegg er vist til som viktige tenestetilbod i lokalsenteret. I [høyringsutkast til ny barnehage- og skulebruksplan](#) er skulen på Toftøy foreslått lagt ned i 2037/38. Barnehage-tilbodet er privat drive, og blir ikkje påverka av det kommunale planarbeidet.

Barn og unge viser også til viktigheita av skulen, barnehagen og idrettsanlegget. For denne aldersgruppa er slik tenestetilbod viktige møteplassar utanfor skuletid; det er ein stad dei møter vennar, nyttar til lek og driv fritidsaktivitetar (kart 3.2. Barnetråkk-registreringar).

Barnetråkk Toftøy

Det er skuleelevar og barnehage som har registrert i kart for Toftøy. Dei melder at det er manglande fortau og overgangsfelt langs skulevegen. Forsøpling i nærleik av skulen er noko som er peika på som negativt, mens fotballbana er trekt fram som positivt frå fleire born. Det kan sjå ut til at få sykklar, men i staden er det badeplass i Nordlavatnet, akeplass på Vik og leikeplassar omkring i bustadfelta. Fleire seier at dei har eit fint hus, fint nabolag og ein fin stad. Samtidig er det ønskje om ein butikk i nærområdet.



Toftøy skule er i følgje elevane ein bra plass å leike, men det er også støy her. Samtidig fungerer området som ein møteplass.



Borna melder at skulevegen er utrygg, at dei manglar fortau og fotgjengarovergang. Det er registrert støy langs hovudvegen.




På Toftøy er det fleire leikeplassar, blant anna ved skulen og Pardalsmyra, som er eit mykje brukt naturområde.

Kart 3.2. Barnetråkk-registreringar Toftøy

Både barn, unge og vaksne på Toftøy saknar ein nærbutikk med daglegvarer. Dei meiner det er viktig at det blir sett av areal til dette formålet i lokalsenteret. Også busstilbodet nord i kommunen må bli betre. Til dømes treng dei ein «minibuss Rong».

Tenester kopla til båtliv er også nemnt. Som vist i kart 3.3. har dei markert områder som dei meiner eignar seg til marina.




Kart 3.3. Innspel som gjeld tenestetilbod på Toftøy.

Lett tilgang til natur

Nærleik til natur og sjø er viktig for innbyggerane på Toftøy. Som vist i kart 3.4. er det både turløyper og bade- og fiskeplassar som innbyggerane verdset høgt. Døme på naturområde med høg verdi er: «Nordlavatnet, naturområdet rundt Vik og vest for Dalekletten mot bølgekraftverket». For å gjera tilkomsten til desse naturområda betre, meiner dei at parkeringstilbodet bør betrast. Dette gjeld for både Nordlavatnet, Kjøpmannsvågen, klatreveggen ved Svelgen og ved bølgekraftverket. Turstien mot bølgekraftverket bør også «ordnast».


Meir universell tilrettelegging i naturen er også eit sagn for innbyggerane; særleg når det gjeld tilgang til sjø og fiske. Ein innbygger skriv: «vi må kunne fiske trygt, frå rullestol, og få fisk, ikkje berre sitte fast i botn». Både dampkaien og Lille Breivika meiner dei eigna seg for universell utforming. Tilgangen til sjø vil også blir betre dersom det kan «tilretteleggast for naustmiljø, båtplassar og ein marina».



Kart 3.4. Innspel som gjeld lett tilgang til natur på Toftøy.

Mobilitet og trygg ferdsel

Innspel som gjeld mobilitet og trygg ferdsel, handlar mykje om trafikktryggleik, men også om tilkomst til natur og sjø. Når det gjeld trafikktryggleik viser dei bl.a. til eit farleg vegkryss på Torsvik og Vik, og



Kart 3.5. Innspel som gjeld mobilitet og trygg ferdsel på Toftøy.

at manglande parkering ved klatrevæggen på Svelgen skapar «*farlege situasjonar ved kryssing av veg*».


Barn og unge (jf. kart 3.2. Barnetråkk) opplever også skulevegen på Toftøy som utrygg. Blant anna saknar dei overgangsfelt og fortau langs skulevegen. Bette trafikktryggleik meiner dei kan oppnåast med gangfelt (sør for skulen), fartsdempar, gangveg opp Husdalen og snarvegar.

Innbyggarane er heller ikkje nøgd med kollektivtilbodet nord i kommunen: «*For oss som har ungdom i hus merkes det veldig godt at busstilbodet i den nordlege delen av kommunen er dårleg. Spesielt i helgane. Det blir mykje køyring og henting, då bussene berre går til Ågotnes*».

Uterom og møteplassar

Som nemnt er skulen, barnehagen og idrettsplassen viktige møteplassar. Dette gjeld særleg for barn og unge. Dei viser også til fine leikeplassar i bustadfelta der dei bur, og til gode møteplassar i naturen; så som ake-plassen på Vik og badeplass i Nordlavatnet (sjå kart barnetråkk).

Også for dei vaksne er skulen, barnehagen og idrettsplassen viktige møteplassar. Mange nyttar også Grendahuset på Toft og bedehuset på Vik. Andre skriv at det skulle vore ein møteplass på Toftøy som er: «*open for alle interesser, bedehuset er ikkje dekkande for alle*».



Naturen og sjøen blir også nytta som møteplass: «*Toftøy er en flott plass med masse fine turmoglegheiter. På sommaren er Nordlavatnet den mest populære badeplassen nord i kommunen. Her samlast barn og ungdom for å bade, grille og kose seg*».

Kart 3.6. Innspel som gjeld møteplassar og uterom på Toftøy.

Fram i tid ønskjer innbyggarane at det blir rom for: «*fleire båtplassar, slik at innflyttarar til Toftøy også kan få plass til båt*».


Moloen og kaien på Vik er også plassar det folk møtes. Der finst «*masse arrangement og moglegheit*». Innbyggarane meiner at kaien på Vik bør «*tilretteleggast for rullestolbrukarar*». Det same gjeld for «*Lille Breivika*».

Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring

Ikkje uventa er det naturen og sjøen som vert løfta fram som lokale ressursar dei meiner kan nyttast til småskala næring. Området Vik, med badestrand, kai og naustmiljø meiner dei har eit særleg potensiale. I tillegg viser dei til: «Nordlavatnet og området vest for Dalekletten mot bølgekraftverket».



Kart 3.7. Innspel som gjeld lokale ressursar som kan nyttast til småskala næringsutvikling på Toftøy.



Figur 3.2. Innbygarane på Toftøy si grad av tilfredsheit (N=18).

Kor tilfreds er innbygarane?

Innbygarane trivst god på Toftøy (figur 2.2.). Dei er også nøgd med tilgangen dei har til natur.

Likevel er det behov for tiltak; til dømes universell utforming og parkering.

Minst nøgd er innbygarane med teneste- og bustadtilbodet. Når

det gjeld bustadtilbod, er det særleg tilbod til eldre som vert nemnt. Innspela tyder også på at lokale ressursar i for liten grad vert nytta til verdiskaping og næring. Som omtalt er det særleg dei ressursane og moglegheitene som ligg i tilgang til natur og sjø, som dei meiner kan nyttast betre.

[Kva bør gjerast noko med på Toftøy?](#)

På spørsmål om kva som kan bli betre og bør gjerast noko med på Tjeldstø, er det trafikktryggleik og betre kollektivtilbod som flest innbyggjarar løftar fram som viktig.

I tillegg meiner dei at lokalsenteret treng betre tenestetilbod. Til dømes saknar alle aldersgrupper ein daglegvarebutikk, og er opptatt av det må setjast av areal til slikt formål.

4. Innbyggjarinnspel Knarrvika

Fakta om Knarrvika

Knarrvika er det mest folkerike lokalsenteret i Øygarden kommune, med meir enn 2800 innbyggjarar. Det er også lokalsenteret der størst andel av innbyggjarane bur i einebustad (83 prosent). 24 prosent av innbyggjarane er under 19 år, medan 14 prosent er 67 år eller eldre.

Knarrvika er godt utbygd, og det framtidige potensialet for bustadbygging er på rundt 35 einingar i gjeldande planar. Tilbod i lokalsenteret er barnehagar, barneskule, samfunnshus, turløype.

Identitet og tilhørslse

Innspela som gjeld identitet og tilhørslse i Knarrvika, skil seg frå dei andre lokalsentera. På sett og vis orienterar innbyggjarane seg «ut», og til alle dei tilboda og godar som finst omkring lokalsenteret. Som illustrert i figur 4.1., er det Kyrkjevegen, kyrkja på Foldnes og «nærheit til alt», som dei meiner særprega Knarrvika.



I sjølve Knarrvika er det samhald og godt naboskap som vert trekt fram. Nærleik til sjø med flott utsikt over fjorden, og den industrihistoriske forankring som Knarrvika har, er også viktig. Dei legg til at industrihistoria burde vore meir kjent og nytta i formidling av kulturhistoria.

Figur 4.1. Kva ved Knarrvika gjer deg stolt? (N=33).


Knarrvika sine kvalitetar blir blant anna omtalt slik:

«Det er flotte boligområder der det er godt å veksa opp. Sentral beliggenheit, men samtidig (for det meste) skjerma frå trafikken over Sotrabraua. Kyrkjevegen frå Hjelteryggen til Foldnes er en fantastisk flott turveg, men det burde vore lagt til rette for meir bruk av nærturterreng i fleire deler av lokalsenteret».

Bustad for alle og gode bumiljø

Knarrvika er godt utbygd og har ein relativt ung befolkning. I gjeldande planar ligg eit potensiale for å bygga ytterlegare 40 bustadeiningar. Per no bur dei fleste innbyggjarane i einbustadar. På medverknadsmøte vart det spelt inn at: «*Det finst bra tilbod for barnefamiljar, men det burde vera meir boligar tilrettelagt for eldre m/universell utforming*». Per i dag meiner dei at det er mangel på «*mindre boligar, leilegheiter og leilegheiter til utleige*».

Områder med utsikt eller tilgang til sjø vert peika ut som stader med godt bumiljø, men dei er ikkje nøgd med «*asfaltlukt, måker i Knarrevik og opne porter til bio-hus*». Her ligg ein tydelig interessekonflikt då fleire innbyggjarar spelar inn at det finst områder i Knarrvika med «*tung industri som passer dårleg med fortetting*», og «*ønskjer ei retningsending mot mindre industri og forureining*».



Det finst også interessemotsetnadnar knytt til bevaring av natur kontra bustadformål. Utbyggjarar har spelt inn at det finst områder som eignar seg til ytterlegare bustadbygging (kart 4.1.), medan andre innspel peika på viktigheita av «*å ta vare på den naturen som finst*». Framfor å bygga ned naturen, bør tilgang til natur bli enklare:

«Det er viktig med grønne lungar, også innimellom boligområda. I tillegg bør dei som bur sør for riksvegen ha tilgang til vatna vest for Hjelteryggen (Storavatnet, Magnus/Odavatnet)».

Kart 4.1. Innbyggjarinnspel som gjeld bustad for alle og lett tilgang til natur.

Eit av innspela uttrykker viktigheita av å ta vare på naturen slik: «*Alle resterande LNF-områder må tas vare på, ettersom utbygging av nye Sotra sambandet har tatt mye av LNF-området. Dette er spesielt viktig sør for nye Sotrabru-sambandet. Naturlege terrenghøgder må bevarast for støyskjerming mot trafikk og næringsparken*».

Tenestetilbod

Innspel som gjeld tenestetilbod i Knarrvika handlar i stor grad om at dei er tilfreds. Grunnen er at det: «*ikkje er langt til tenester, idrettsanlegg og butikkar på Straume*». Eitt av innspela er at vi: «*Trenger ingen lokale tenestetilbod i Knarrevik pga. kort avstand til Straume og Sartor senter med god veg og buss forbindelsar*».

Andre derimot, held fast ved viktigeita av barnehagetilbod, barneskule og kulturskulen: «*Ustabil skulestruktur, og rykte om nye fordelingsliner vil påverkar Tona/Valen negativt*».

Kulturskulen på Liljevatnet set innbyggjarane høgt, men legg til at bygget også kunne blitt nytta som bibliotek og vore open som aktivitetsarena og møteplass for fleire. T.d. meiner dei at det bør vera mogleg å «*leige/booke rom på Liljevatnet til private arrangement*».

Lett tilgang til natur

Kyrkjevegen vert løfta fram som døme på viktig tilgang til natur, men dei treng betre tilkopling; både til Kyrkjevegen og øvrige tilgjengeleg natur i området. Når det gjeld Kyrkjevegen er «*parkeringsplassen til tider for liten*».


Innbyggjarane viser også til betydninga av å bevare «*skogsområdet og legge til rett for meir bruk. Skogen er ein magisk plass*». Også tilkomst til området rundt demning/drikkevatt er nemnt. Her meiner dei at universell tilrettelegging er mogleg.

Innbyggjarane i Knarrvika har bygging av Sotrasambandet tett på seg, og føler behov for å skjerma seg mot støy. I kart 4.1. har dei markert terreng som dei meiner bør bevarast og plantast til for å hindra støy frå Sotrasambandet.

Mobilitet og trygg ferdsel

Som i dei andre lokalsentera er innbyggjarane opptatt av å betra kollektivtilbodet. Eit døme er å «*få på plass tilbod om service-/minibuss*», og ikkje minst bør «*trygg skuleveg*» prioriterast.

Kart 4.2. Innspel frå barnetråkk som gjeld trafikktryggleik i Knarrvika, Straume og Foldnes.



Frå barnetråkk kjem det fram at dei opplever mykje trafikk og støy langs hovudvegen, og på vegen som går mot Arefjord. Her er det mykje trafikk og ingen fortau.


Innbygarane i Knarrvika nyttar seg av teneste- og fritidstilbodet på Straume. Dette gjeld også for barn og unge. Kart 4.2. illustrera korleis unge opplever trafikksituasjonen når dei skal til og frå Straume. For å betra trafikktryggleiken er det meldt inn behov for veglys, fartsdemping, fotgjengarfelt, gangvegar, trafikkavgrensing mm.

Det er også spelt inn behov for tryggare tilgang til utmark, badeplass og sjø.

Uterom og møteplassar

Barnehagane, skulane og naturen er viktige møteplassar i området. Særleg Liljevatnet; både som tenestetilbod og uteområde, er løfta fram som viktig for lokalsenteret. I tillegg er leikeplassen på Tona, barnehagen i Valen og «Klubbhuset 441» på Hjelteryggen vist til som gode møteplassar for barn og unge. Når det gjeld klubbhuset 441, legg dei til at «*dette også må bli et tilbod som dei som bur i Valen, Tobrotet og Tonafjellet brukar*».

Også ved sjøen og i naturen er det møteplassar. Kyrkjevegen er nemnt, men som vist i kart 4.3. er det fleire møteplassar i naturen som innbygarane meiner er viktig å ta vare på. Døme er Torskaberget, badeplassar ved sjø og vatn, og naturområde som eignar seg for vinteraktivitetar (ski og skøyter).




Kart 4.3. Innspel som gjeld viktige uterom og møteplassar i Knarrvika.

Også barnetråkk viser til plassar i Knarrvika som dei brukar til ulike aktivitetsformål.

Barnetråkk Knarrevika

Barnetråkk for Knarrevika har hovudsakleg registreringar frå barnehagar i nærområda. Leikeplassar i lokalsenteret er viktige møteplassar der born og unge kan vera i aktivitet. Når det gjeld mobilitet markerer borna trafikk og støy langs hovudvegen, men også langs vegen som går til Arefjord. Her er det smal veg og ingen fortau. Naturen og skogen i Valen, på Tonafjellet og Knarrevik er utpeika som ein viktig ressurs å ta vare på.



Kart 4.4. Resultat frå barnetråkk i Knarrevika.

Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring Knarrvika si historie som industristad er spelt inn som viktig ressursgrunnlag. «Gamle fabrikk» («steinkatedralen») mm. meiner dei bør brukast aktivt til kulturformål.

Det blir også vist til verdien av å ta vare på Arefjorden som «ærfuglområde». På den andre sida blir det spelt inn at dette område eigna seg som «badeplass», etablera «fellesnaust med båtliv, padling og kajakkutleige» (kart 4.5.).


I tillegg meiner dei at området som i dag er «regulert til småbåthamn er ueigna, grunna vindforhold og stor båttrafikk i Hjeltefjorden».

Det er også vert å merka seg at enkelt meiner det er nok næring i Knarrvika, og at landskap/natur må vernast; både av omsyn til støy, tilgang til natur og turformål.


Kor tilfreds er innbyggerane?
Summert opp er trivselen god i Knarrvika. Godt naboskap, nærleik til sjø, teneste- og aktivitetstilbod på Straume bidrar her positivt.

Mobilitet og trygg ferdsel, tilgang til natur og møteplassar får lågast skår blant innbyggerane i lokalsenteret. Låg skår på mobilitet og ferdsel handlar om utrygg skuleveg.

Figur 4.2. Innbyggerane i Knarrvika si grad av tilfredsheit (N=24).



Kart 4.5. Lokale ressursar og småskala næring - Knarrvika



Når det gjeld tilgang til natur, finn vi klare interesseløstnader mellom ønskje om å ta vare på naturen og legga til rette for nærturterreng, kontra å setja av areal til bustads- og næringsformål.

Kva bør gjerast noko med i Knarrvika?

Flest innspel om kva som bør gjerast noko med i Knarrevik, er knytt til « mobilitet og trygg ferdsel». Døme på kva som bør betrast er:

- Trygg skuleveg
- Vedlikehald og tilrettelegging av fortau
- Gang- og sykkelsti til Valen
- Utbetring av Valavegen
- Mindre trafikkstøy
- Fleire bussruter

Innbyggjarane i Knarrvika er heller ikkje nøgd med tilgang til naturen (jf. figur 4.2.) Her har dei gitt poengskår 2,8 av 5, noko som er desidert lågast poengverdi blant lokalsentra våre. Innbyggjarane trekkjer difor fram behovet for å betra «tilgangen til dei natur- og turområde som finst», og å «laga nye turvegar» i Knarrvika.

Når det gjeld tenestetilbod, er inntrykket at dei som bur i Knarrvika primært nyttar tilbodet på Straume. Likevel er dei opptekne av at barnehagar og nærskuletilbodet vert oppretthaldt, og at dei treng ein møtestad med kulturtilbod for vaksne. Eit samfunnshus på Tona/Valen er spelt inn som døme. I tillegg ønskjer dei betre tilgang til å nytta Liljevatnet skule som møteplass. På Liljevatnet meiner dei det er rom for eit breiare teneste- og aktivitetstilbod enn dei har i dag.

5. Innbyggjarinnspel Møvika/Ulveset

Fakta om Møvika/Ulveset

Lokalsenteret har rundt 1430 innbyggjarar innanfor sentersona. Om lag 26 prosent er barn og unge i alderen 0-18 år. 12 prosent av innbyggjarane er 67 år eller eldre. 76 prosent bur i einestad.

Lokalsenteret har eit bustadpotensiale på rundt 130 einingar i gjeldande planar. I lokalsenteret finst det barnehage, barneskule, daglegvare, handels- og servicetenester, marina, servering, reiseliv/turisme og trussamfunn.

Identitet og tilhøyrslø

Innbyggjarane på Møvika/Ulveset løftar også fram den betydinga som naturen og sjøen har for dei. I tillegg trekkjer dei fram samhold og fellesskap, og kor viktig skulen og skuleområdet på Ulveset er som møteplass: «Det er godt miljø med fleire naturlege møteplassar rundt skolen, barnehagen og på turstiar».




Figur 5.1. Kva ved Møvika/Ulveset gjer deg stolt? (N=39).

Bustad for alle og gode bumiljø

Oppløvinga av bustadtilbodet i lokalsenteret varierer. Nokre har spelt inn at: «bustadtilgangen rundt Ulveset er god, med variasjon i størrelse, beliggenheit og pris. Dette sikrar god samansetting av unge, gamle, single og familiar, noko som igjen sikrar gode bumiljø».

Andre meiner dei treng: «*boligar for alle. Unge, single og familiar*». Dei treng særleg «*små einingar til eldre og førstegongskjøparar*», i tillegg treng dei «*generasjonsboligar*». Til dømes kan: «*Ulveset skule sitt areal brukast til å bygga små bueiningar, + eldresenter m/mattilbod. Då blir området ein samlingsplass for unge og eldre. Noko som vil redusere einsemd*».

Ein annan innbyggjar er opptatt av at vi må sjå bustadutviklinga i ein større samanheng enn slik lokalsenteret er definert i dag. «*Bustad for alle*» bør også inkludera Skålevik og Skoge. Område dei meiner bør inkluderast er vist i kart:



Kart 5.1. Innspel som gjeld bustad for alle på Ulveset/Møvika.

Det er også spelt inn ønskje om å kunna byggja bustadar med tilgang til sjø, og at etablerte bustadfelt bør få tildelt areal som kan nyttast til naust. Andre er opptatt av visuelle uttrykk og arkitektur:

«*Møvika var ganske pent, preget av en blanding av nye og gamle bygg. Å tillate den typen leiligheter som nå er anlagt på Møvika syntes jeg er ødeleggende for det visuelle inntrykket, spesielt fra havet og leden. Det er en arkitektur helt uten lokal og historisk forankring som brutaliserer kystlinjen i området. Det burde utarbeides retningslinjer for hvilke arkitektonisk og visuell profil vi ønsker i lokalsenteret*».

Tenestetilbod

Per i dag har Møvika/Ulveset offentleg tenestetilbod som barnehage og barneskule. I tillegg har dei ulike handels- og servicetenester (sjå faktaboks). Innbyggjarane meiner at lokalsenteret treng desse tenestene: «*Vi treng matbutikken, barnehagen, skulen og dei fritidsaktivitetane som finst. Tilgang til*

svømmeopplæring i bassenget er og viktig. Det kommunale tilbudet burde vore betre. T.d. kunne det vore kulturskole i nærområdet.

Innan 2029/-30 skal barneskulen på Ulveset (og Skålevik) leggst ned og erstattast med ny skule i Møvika. [Jf. høyringsutkast til ny barnehage- og skulestruktur i Øygarden](#), er også barnehagen på Ulveset foreslått lagt ned. Dette vil skje i 2025/-26.


Innbygarane er opptekne av å kunna oppretthalda skulen og skuleområde som møteplass. Dei viser blant anna til at skulen og barnehagen var hovudgrunnen til bustads- og busetnadsutviklinga på Ulveset.

Det er ulike synspunkt knytt til framtidig bruk av skulebygget og uteområde, men når det gjeld tenestetilbod, meiner dei at «symjebassenget på skulen må takast vare på». Så bør det «etablerast kulturskule» og eit «oppgradert idrettsanlegg».

I tillegg viser dei til viktigeita av «Kiwi-butikken», og legg til at lokalsenteret ville vore styrka dersom «kollektivtilbodet vart betre», «tilbod om seniorbuss til handling» i tillegg til ein lokal «kafé og post».

Lett tilgang til natur

Innbygarane er både stolt av og i all hovudsak nøgd med tilgangen dei har til naturen og sjøen.



Kart 5.2. Innspel som gjeld tilgang til natur på Ulveset/Møvika.


Det finst likevel potensiale til betring, særleg når det gjeld tilgang til sjø (kart 5.2.):

- «Vi har ikkje tilgang til strandsona for småbåtar. Ikkje ein gong ein slipp, med mindre du køyrer til Apalvågen eller Rongsundet».
- «Vi treng fleire båtplassar, gjerne i større anlegg».
- «Det bør utviklast offentleg badeplass, gjerne med badstove».

Turvegen nord for Ulveset skule meiner dei bør forlengast, slik at fleire får betre tilgang til naturen. Universell tilrettelegging og betre informasjon om kor slik tilgang finst, er også viktig. Det same gjeld «nok parkeringsplassar, slik at fleire kan bruka naturen».

Mobilitet og trygg ferdsel

Innspel som gjeld mobilitet og trygg ferdsel handlar mest om «tryggare veg», men også om betre kollektivtilbod. Dei meiner at både Vestsidivegen, Åsevegen og Møvikvegen må utbetrast med «gul stripe og gang- og sykkelveg». Når det gjeld «svingane i Møvik», Neset og Ekren treng dei «i det minste



Kart 5.3. Innspel som gjeld trygg ferdsel og mobilitet i Møvik/Ulveset.


fortau». Fotgjengarfelt ved busstopp ved Ulveset skule og «trygg tilkomst til Skålevik idrettsanlegg» er også nemnt. Elevane ved Ulveset skule (jf. barnetråkk kart 5.5.) trekkjer også fram desse behova for å gjera vegen tryggare.

Snarvegar kan også gi tryggare veg. Eit forslag er å laga snarveg på «toppen av Austegardsvegen og gjennom til Skogsfjellet. Då kjem ein opp til fotgjengarfeltet ved Kiwi og slepp å kryssa vegen». Det er også føreslått snarveg mellom Skålevik og Kolltveit.

Uterom og møteplassar

Som allereie nemnt er skulen på Ulveset, med tilhøyrande uteområde, ein sentral og viktig møteplass. I følgje innspela vert området «*flittig nytta av små og store alle vekedagar. Det er kort avstand slik at dei små kan gå aleine*». Difor meiner dei at: «*skulen må fornyast og behaldast som naturlege møteplass i lokalsenteret. Tomta er stor nok*».

Andre spelar inn at idrettsanlegga i Skålevik også er ein viktig møtestad og bør inkluderast i lokalsenteret. Dette vil styrka møteplasstilbodet i eit større og samanhengande område, meiner dei. Føresetnaden er at: «*boligområda rett nord og sør for Øyavegen ved Langøy brua, og området nordøst for fotballanlegget blir del av lokalsenteret. Over tid bør desse boligområda utvidast sørover mot sentrum i Møvik, kombinert med gang- og sykkelveg. Vi må unngå at det blir 4 frittstående bygder, framfor eitt lokalsenter med møteplasstilbodet i eit større og samanhengande område*».



Kart 5.4. Innspel som gjeld viktige møteplassar på Møvik/Ulveset.

Barnetråkk-kartlegginga viser også til Ulveset skule og Skålevik som viktige møteplassar for barn og unge (sjå kart 5.5.). I tillegg er naturen som møteplass for aktivitetar som aking og skøyting trekt fram. Skogen bak skulen som leikeplass, trekkjer dei spesielt fram. Også vaksne viser til turvegen bak skulen på Ulveset som spesielt viktig for dei: «*Den sikrar at alle har tilkomst og tilgang til natur. Her treff ein både nye og gamle på fritida. Dette er ein viktig møteplass*».

Sjølv om mange brukar skulen som møteplass, seier andre at dei «saknar ein møteplass og samlingsstad; både for unge, vaksne og eldre». Særleg saknar dei plassar som inviterer unge til uorganisert aktivitet, t.d. ein «hengeplass» eller «skateplass» for unge.




Kart 5.5. Innspel frå barnetråkk Ulveset.

Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring

Ulveset er eit viktig landbruksområde i Øygarden, og «Aktivitetsgarden Ulveseth-tunet» er løfta fram som både ressurs og møteplass i lokalsenteret: «*det er viktig at dei driver garden og tilboda dei har for barn og ungdom*».

Innbyggjarane løftar også fram sjøen som ressurs, men samstundes at den i alt for liten grad er nytta. «*Det er for lite tilgang til sjø*», meiner fleire. Dessutan manglar vi:

- «*parkering for tilreisande og turistar*»,
- «*kommunale kaiar (Øyane)*»
- «*eit område for å kunne legge til med fritidsbåtar*»
- «*drivstoff, bensinfylling ved sjø (ikkje berre diesel)*»
- «*fleire/betre bade- og fiskeplassar*»
- «*det bør også vera rom for ein fiskerestaurant på kaien*».



Kart 5.6. Innspel som gjeld lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring i Møvika/Ulveset


Som nemnt tidlegare er det mange som meiner at arealet ved Ulveset skule er viktig som møteplass, men området har også eit potensiale som ressurs for vidare lokalsenter- og næringsutvikling:

«Ulveset skule bør bli ein minimini landsby: aula i 1.etg., kafé, kulturtilbod og samlingsstad for lokalsamfunnet. Små boenheter med 1-2 soverom med utgang til terrasse, en egen hagefleck – og vidare ut i felleshage. I 2.et kan man ha boenheter i ytterkant- felles kjøkken/kantine i midten hvor man som beboer kan spise ett eller flere måltider pr dag. Frisør, fotpleietilbud, trimrom etc. i lokalene. Kommunen bør disponere et rom/kontor reservert for helsepersonell. Noen kommunale leiligheter, og

noen aksjeleiligheter - ikkje krav om alder for å kjøpe/få tildelt leilegheit, men bør forbeholdes folk som allereie bor i nærområdet/kommunen. For at det skal være attraktivt for folk å kjøpe en slik leilighet, må det også være et stort rom/festsal som beboerne kan leie for feiring av store dager osv. Mangel på steder hvor familien kan samles er nok en grunn til at eldre blir boende i en stor, ufunksjonell bustad lenger enn man kanskje burde. Her er så store muligheter for å få til en samlingsplass for alle i lokalsamfunnet – og betre livskvalitet for ensomme – her kan man bo lengre heime, få hjemmebaserte tjenester etterhvert som man blir eldre. Tenker man må satse på privat – offentlig samarbeid for å få dette til».

Kor tilfreds er innbyggjarane?

Samla sett trivst innbyggjarane godt i lokalsenteret Møvika/Ulveset (figur 5.2.). Dei er også stolt av og nøgd med tilgang til natur, sjølv om her finst potensiale til betring. Betra tilgangen til naturen og sjøen vil fremma moglegheita for småskala næringsutvikling, meiner dei.



Minst nøgd er innbyggjarane med mobilitet og trygg ferdsl, og held fram at det er behov for gang- og sykkelveg (tryggare skuleveg).

Grad av tilfredsheit med tenestetilbod og møteplassar er «middels». Dette er i all hovudsak knytt til vedtak om å legge ned skulen og barnehagen, og innbyggjarane si uro for at dei skal mista den møteplassen som skulen og uteområdet er i dag.

Figur 5.2. Innbyggjarane på Ulveset/Møvika si grad av tilfredsheit (N=22).

Kva bør gjerast noko med på Ulveset/Møvika?

Gitt at innbyggjarane er minst nøgd med «mobilitet og trygg ferdsl», meiner også flest at her må noko gjerast! Betre buss- og kollektivtilbod opptar mange, men det handlar mest om trafikktryggleik og behov for gang- og sykkelveg, fotgjengarfelt og lys.

Vedtak om at Ulveset skule skal leggest ned pregar også meiningane: «Senterområdet er per i dag på Ulveset. Her er samlingspunkt med skule, leikeplass, tilgjengelege turområde, bustader osv.».

Innbyggjarane ønskjer at skulen og uteområdet skal fortsetja å vera ein «*møtestad med gode uterom*». Til dømes ønskjer dei kulturskule, dei vil behalda symjebassenget og at det blir opparbeida eit uteområde med skatepark.

I tillegg er det fleire som ser behov for ein møtestad for eldre i området. Eldre treng også bustader. Både «*minimini landsby*», og generasjons- og omsorgsbustader er nemnt.

Innbyggjarane er godt nøgd med tilgang til natur, men det vert spelt inn behov for parkering ved turområda og at det blir fleire tilrettelagte rasteplassar i turstiane. I tillegg bør det bli lettare tilgang til sjø; både i form av badeviker, båtslippar og bensinpumper.

6. Innbyggjarinnspel Fjell

Fakta om Fjell

Innanfor lokalsenteret Fjell er det busett vel 960 innbyggjarar. 41 prosent av desse bur i einebustad, noko som er langt lågare enn i dei andre lokalsentera. Nesten like mange bur i rekkehus, tomannsbustad og andre småhus.

Fjell er også det lokalsenteret som har lågast andel eldre. Berre ti prosent av innbyggjarane er 67 år eller eldre. 25 prosent er barn og unge (0-18 år).

I gjeldande planar er det potensiale for om lag 190 bustadeiningar. Fjell har tilbod som kyrkja, barnehage, daglegvare, handels- og servicetenester, servering og drivstoff.

Identitet og tilhøyrse

På Fjell står kyrkja, kulturhistoria og naturen med fine turområde sterkt. Også jordbruks- og bondelandskapet er eit særpreg som innbyggjarane er stolt av.



Figur 6.1. Kva ved Fjell gjer deg stolt? (N=39).

Bustad for alle og gode bumiljø


Fjell er det lokalsenteret som har størst variasjon i bustadtypane (sjå faktaboks). I vedtekne planar ligg eit potensiale til å bygga 190 nye bustadeiningar.

Innbyggjarane meiner at trafikk situasjonen, med hovudveg gjennom Fjell, og usikkerheit knytt til

vedteken plan for FV560, med ny tunnel bak Fjell Gard, har hindra lokalsenteret i å utvikla seg: «Det er ei utarma bygd med trafikkmaskin som pløyer gjennom». «På grunn av dårleg veg er området blitt lite attraktivt for familiar å busetja seg».

Eit anna innspel uttrykkjer situasjonen slik: «Avgrensinga av lokalsenteret er uheldig med tanke på å utvikle et levende lokalsenter på Fjell. Det at senteret strekker seg helt nord til Blommen og vest til nesten Ulveset gjør at sentertankegangen mister litt av hensikten. Rundt Fjell sentrum burde det utvikles flere eldreboliger, mer innfartsparkering og bussterminal (venteskur). Krysset bør gjøres om til rundkjøring og farlige krysningspunkter må sikres med lysregulerte overganger».

Innbyggerane har spelt inn behov for fleire bustader og peikt ut områder som dei meiner egna seg til bustadformål (kart 6.1.). Desse områda ligg både «spreidd og sentralt». Bustader til seniorar meiner dei bør ligga sentralt. Området aust for skulen, som i dag er kommunal grunn, er peikt ut som egna til dette bustadformålet.




I arealdelen til kommuneplanen bør dette kommunale området settast av til: «*variert boligtypologi med høg utnyttingsgrad*». Tett på bør det utviklast aktivitetstilbod og møteplassar til innbyggerane.

Andre ønskjer å kunna bygga ein bustad på «*egen tomt*», men dei legg til at «*NLF-område gjer dette umogleg*».

Kart 6.1. Innspel som gjeld bustad for alle på Fjell

Tenestetilbod

Barn i skulealder på Fjell er knytt til Ulveset barneskule. Innbyggerane meiner at nærleik til skule og barnehage er ein viktig føresetnad for at småbarnsfamiliar skal etablere seg på Fjell: «*tilbod på Ulveset må bestå for at Fjell gard skal vera levende og attraktiv*».




Elles peika dei på betydninga av tenestetilbod som kyrkja, kafé, apotek, daglegvare og klesbutikk. I tillegg skulle dei gjerne hatt «*sykkelparkering, vinmonopol og legeteneste*» i lokalsenteret.

Fleire viser til at «*det er livleg rundt Rema1000-område på laurdagar, og dette kunne vore utnytta endå betre*». Gamle gymsalen på Fjell skule t.d., kunne vore brukt som fleirbrukshall. Det finst «*godt*»

med parkeringsplass». Andre viser til at trafikkaktiviteten i sentrum er stor nok: «det er livsfarleg å komme seg til og frå utan bil. Lurer på om kommunen dekkjer utlegg til taxi?».

Lett tilgang til natur

Naturen, landskapet og kulturhistoria er viktige verdjar for innbyggjarane. Dei er også godt nøgd med den tilgangen dei har til naturen: «Naturopplevinga er særst stor og verdifull og må vernast betre. Områder som «Fjellvassdraget + Fjellspollen treng VERN!».



Kart 6.2. Innspel som gjeld lett tilgang til natur på Fjell.

Gjerde kulturminnegard, Russarstegen og Fjell festning er viktige delar av lokalhistoria, men her meiner dei det trengst utbetringar slik at det blir enklare for folk å ferdast trygt. Tiltak som er nemnt er «Lys med sensorar i Russarstegen og ved Fjell festning og Sherpatrappene». I tillegg bør det leggest til rette for «naturcamping ved festningsvegen» og «toalettfasilitetar».


Rydding av turstiar er eit anna tiltak: «Øykjebotnen bør det ryddast slik at fleire kan gå den, eventuelt få Sherpatrappene». Turstiar kan også utbetrast med «merking, klopper/bruer, benkar, rasteplassar og gapahuk. Det trengst også avklarings med grunneigarar».

Også rydding og utvikling av badeplassar trengst. Døme er: «Eidsvatnet, Vassneset, Pollen, Lunavikja og Bøsvatne».

Innspel frå barnetråkk viser og til stader i naturen der dei likar å opphalda seg (kart 6.3.). Naturen og skogen blir ofte bruk til uteaktivitet og som møteplass.

Mobilitet og trygg ferdsel

Innbyggerane på Fjell er ikkje nøgd med trafikksituasjonen, og er samstemte om at vegen/trafikken er til hinder for senterutviklinga. Ei løysing meiner dei er: «rundkøyring i krysset på Fjell og å fjerna mengda kryss og avkøyrslar rundt sentrum». I tillegg trengst «fartsdempingar, overgangsfelt og gang- og sykkelveggar», både til Tellnesskogen og Møvik. Også barnetråkk-registreringa, som er gjennomført av barnehagen, viser til negative opplevingar av trafikksituasjonen på Fjell.




Kart 6.3. Innspel frå barnetråkk på Fjell.

Uterom og møteplassar

Ingen lokalsenter har lågare skår på innbyggartilfredsheit med tilgang til uterom og møtestader enn Fjell (1,9 av 5, sjå figur 6.2.). Blant tilbakemeldingane finn vi at «*det er total mangel på møteplassar. Vi har ingen stader å treffast*».

Innbygarane er samstemte i at «*skulen, gymsalen og uteområdet*» må opnast som møteplassar med aktivitetar for barn og unge. I dag er «*skuleplassen tatt til parkering*», og «*skule og gymsal ramlar ned*». Gymsalen, til dømes, kan bli «*fleirbrukshall med scene*», og uteområdet bør utviklast til «*Tuftepark*», eller «*rekreasjons- og leikeplass m/treningsapparat, sandvolleyball, kvilebenk, universelt utforma stiar, vegar mm.*». Det kan også lagst «*Natursti ovanfor Fjell skule, m/benkar til eldre og foreldre*».

Til tross for missnøye, er det også innspel som peika på at dei faktisk har gode møteplass-fasilitetar som kan nyttast betre enn dei gjer i dag. Til dømes kan lag og organisasjonar ta initiativ til å arrangera kulturaktivitetar og -tilbod «*på festningen*», i «*Steffistova*», på «*Rosmari kafé*» og «*Gjerde kulturminnegard*».




Kart 6.4. Innspel som gjeld uterom og møteplassar på Fjell.

Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring

Ei rik kulturhistorie er løfta fram som viktig ressursgrunnlag på Fjell. Som vist i kart er Gjerde kulturminnegard, Russarleiren/-stien, Fjell festning, Prestegarden, Ungdomshuset, Demninga,

Fjellvassdraget, Kverntufta med meir, peika ut som viktige ressursar som kan gje grunnlag for opplevingar og småskala næring i lokalsenteret.



Kart 6.5. Innspel som gjeld lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring på Fjell.

Det er også mogleg å nytta ledige områder til å utvikla «grøne møteplassar for lokale og besøkande», nytta skulen som «kontorfelleskap», småskala nisjebutikk og/eller bruktbuikk». Å nytta skulen føreset at bygninga vert halden ved like og rustast opp.

Kor tilfreds er innbygarane?

Som i dei andre lokalsentra trivast innbygarane godt på Fjell (4,6 poeng av 5). Fjell er også det senteret, saman med Møvika/Ulveset, der ressursgrunnlaget i høgst grad vert tatt i bruk til småskala næring (3,4 poeng av 5).

Innbygarane er minst nøgd med førekomsten av uterom og møteplassar, samt trafikktryggleiken i lokalsenteret.


Når det gjeld tenestetilbod, er dei i ganske nøgd med tilbodet dei har i dag, men dei er kritiske til at barneskulen skal flyttast til Møvik. Dei meiner dette er utfordrande, både med omsyn til trafikktryggleiken og den viktige funksjonen som Ulveset skule har som møteplass i dag.

Lokalsenteret skårar også middels på bustadtilbod, og meiner det er behov for betre tilbod sentralt; særleg for eldre.

Kva bør gjerast noko med på Fjell?

Ikkje uventa er det «mobilitet og trygg ferdsel» samt «uterom og møteplassar» innbyggjarane meiner bør betrast i lokalsenteret.

Dei er samstemte i at «traffiksituasjonen og -tryggleiken» ikkje er bra, og at ukklarheit om kva som skjer med FV 560, er til hinder for ei heilskapleg utvikling av lokalsenteret og sentrumsområde på Fjell.



Figur 6.2. Innbyggjarane på Fjell si grad av tilfredsheit (N=19).

Mange er også opptatt av «uterom og møteplassar». Som nemnt er det mange som tar til orde for at skuletomta bør oppgraderast til eit moderne fritidstilbod til barn og unge. Gamle skulen og gymsalen bør også nyttast som møteplass, gjerne som ein fleirbrukshall med tilbod til ungdomen.

På generelt grunnlag meiner deltakarane at barn og unge manglar både møteplassar og aktivitetstilbod på Fjell: «Ungane på Fjell får lite besøk av andre pga. mangel på uteområde».

Det vert også spelt inn at arealdelen til kommuneplanen bør «legga til rette for meir urbane kvalitetar med møteplassar, næring og bustad i sentrum». Varierte bustader, med høg utnyttingsgrad sentralt, vil også imøtekoma behovet for bustad for alle, inklusive tilbod til «seniorar».

7. Innbyggjarinnspel Spildepollen

Fakta om Spildepollen

Vel 800 personar er busett innanfor lokalsenteret Spildepollen. 81 prosent av desse bur i einebustad. Spildepollen er det lokalsenteret med høgast andel barn og unge. 27 prosent av innbyggjarane er yngre enn 19 år, medan 13 prosent er 67 år eller eldre.

Det er potensiale for rundt 140 nye bustadeiningar i gjeldande planar. Spildepollen har tilbod som barnehage, barneskule, daglegvare, idrettsanlegg, sykkelbane og opparbeidd turløype.

Identitet og tilhøyrslse

I Spildepollen står nærleik til sjøen sterkt. Innbyggjarane er også stolt av sykkelparken, fritidstilbodet og skulen si lokalisering i naturen. Der er det godt aktivitetstilbod, gode uteområde og opparbeida turløype.

Eit innspel omtalar lokalsenteret slik: «Eg er stolt av dei flotte omgjevnadane i Spildepollen krins, og at eg fekk vakse opp på ein så trygg og flott stad som Asphaugen. Her var det storfamilie i same hus, flott natur, gardsdyr, og store mogelegheiter til å utfalde seg. Eg er difor oppteken av at Asphaug og Spildepollen krins blir tatt vare på, detts frodige og varierte natur, men òg at bygda skal få halda fram med å leve vidare i den «and» og tradisjon som eg er vakse opp med. For meg betyr dette eit høve til å få etablere nye bustader (...) tillata spreidd bustadbygging, (..), men samtidig ta vare på både lynghei, annan natur og bygdas eige uttrykk».



Andre innspel handlar om at «skulen og sport er viktig», men Spildepollen er eit: "ungt lokalsenter, som ikkje har fått etablert seg skikkeleg. Senteret treng tid til å setja seg og utviklast».

Figur 7.1. Kva ved Spildepollen gjer deg stolt? (N=39).

Bustad for alle og gode bumiljø


Saman med Stranda og Knarrvika, er det innbyggerane i Spildepollen som er mest nøgd med bustadtilbodet (3,6 av 5 poeng). Bustader «tett på sjø, skule, barnehage og turområde» gir grunnlag for godt bumiljø:

«dei seinare åra vore ein del utbygging av bustader i byggjefelt. Mitt inntrykk er at dette er gode tilbod til nyetablerte og/eller små barnefamiljar. Det er positivt at desse byggjefelta blir lagt i nærleiken av den lokale skulen, slik at barn i størst mogleg grad kan bruke skulen både i og utanfor skuletid».

Sjølv om bustadfelt har sine fordelar, er det andre som meiner at det bør vera rom for spreidd bustadbygging, slik noverande arealdel opnar for i Asphaug: *«Eg meiner Øygarden kommune bør oppretthalde eit spreidd busettingsmønster og legge til rette for gode bustadområde med landlege kvalitetar, som god plass mellom husa og grønne omgjevnader. Særleg bør dette leggjast til rette for der det allereie er etablerte bustader og infrastrukturen ligg klar. Asphaugen er eit døme på ein slik stad, som bør kunne få nytte eige landområde til å bygge bustader. Det ligg tett til sentrum av Spildepollen lokalsenter, med skule og daglegvarebutikk, samt kollektivtransport. Vegen mot Telavåg er oppgradert med vatn, avlaup, EI-kraft og fiber, samt avskilt gang -og sykkelveg».*

I vedtekne planar ligg eit potensiale for 140 nye bustadeiningar. Per i dag har lokalsenteret ein ung befolkning der dei alle fleste bur i einebustader (81 prosent). Andelen eldre er relativt låg (13 prosent over 67 år). Innspela legg vekt på at det er behov for seniorbustader. Til dømes kan dei tenkja seg «bustader for eldre både i sentrum og ved sjøen», og «klyngetun, der både unge og eldre kan bu i lag». Dei treng også bustadtilbod til førstegongsetablerarar.

Kart 7.1. Innspel som gjeld bustad for alle i Spildepollen



Tenestetilbod

Innbyggerane er nøgd med det tenestetilbodet dei har, så som «butikk, skule, barnehage, friluftsliv, idrettsanlegg og sport». Ein innbygger meiner dei «mangla tilstrekkeleg vatn- og kloakksystem i Spilda. Utanom det er dette blitt eit flott utvikla område».

Samstundes saknar dei tenester retta mot eldre: «Omsorgsbustader til dei som ikkje har helsa til å ta vare på eige hus, men som klarer seg sjølv i stor grad. Omsorgsbustader nær familie gjer at barn og barnebarn besøker seniorane oftare. Noko som vil motverka einsemd».


Som i dei fleste lokalsentera saknar også innbyggjarane i Spildepollen eit betre kollektivtilbod. Slik det er i dag nyttar «alle» bil. Lokalsenteret ville vore meir attraktivt som buområde dersom det fantes «minibusstilbod m/hyppige avgangar til og frå».

Utvikling av «kai og gjestebrygge» ville også kunna styrka senteret, og vore eit bidrag til at dei ressursane som finst lokalt kan nyttast og utviklast vidare.

Lett tilgang til natur

Naturen og sjøen er viktig for innbyggjarane. Både badeplassar og «opparbeidd turløype med universell tilrettelegging» er spelt inn som døme på kva dei er godt nøgd med i dag. Innspel til betring handlar om «forlenging av turløype ved skulen mot Kausland til Nordsjøløypa», «parkeringstilbod ved Nordsjøløypa, turløypa på Golta og Førde». I tillegg er det behov for «universell tilkomst til sjø og bading» (sjå kart 7.2.).

Innbyggjarane er også opptatt av å verna om den naturen og naturområda dei har i dag. Blant anna stiller ein innbyggjar seg uforståeleg til at: «grensene til lokalsenteret, slik dei er sett i dag, inkludera Kausland. Dette gjev rom for bustadutvikling i relativt urørt natur imellom Kausland og Spildepollen skule».




Kart 7.2. Innspel som gjeld lett tilgang til natur i Spildepollen.

Andre ønskjer ei «både-og-løysing» med følgande argumentasjon: «For meg er naturen i Spildepollen krins ein av dei viktigaste trivselsfaktorane i lokalområdet. Naturen er variert med turmoglegheiter for dei fleste av oss som kan gå på to bein. I Asphaug, der eg er mest knytt til, er naturen frodig med

store grøntområder, vatn og utmark like ved. (...) Eg er også oppteken av å verne om natur (som til dømes lynghei), men ha to tankar i hovudet på same tid slik at ein kan ta vare på bygda og naturen på samme tid. Difor vil eg argumentera sterkt for at grensa for lynghei skrenkes inn noko, og at spreidd bustadbygging i nærleik til hovedveg kan tillatast».

Mobilitet og trygg ferdsel

Innspel som gjeld mobilitet og ferdsel handlar i all hovudsak om trafikktryggleik. I kart 7.3. er det markert kor innbyggarane meiner det er trafikkfarleg veg i dag, bl.a. gjeld dette «vegen frå Glesnes og Telavåg og vegen gjennom Tveitasvingane». Her meiner dei det er behov for gang- og sykkelveg. Også i barnetråkk kjem det fram at Tveitasvingane blir opplevd som utrygg. Det same gjeld utkøyrsla ved Solhaugen bustadområde (sjå kart 7.4. barnetråkk).



Kart 7.3. Innspel som gjeld mobilitet og trygg ferdsel i Spildepollen.


Dei har også spelt inn behov for «gangfelt/fotgjengarovergang frå/til Blokkebærhaugen og Spilde», og «overgang/undergang som sikrar gåande ungar frå Sletto/Vardhaugene Kausland».

Andre meiner at den nye arealdelen til kommuneplanen for Øygarden «bør setja av areal til framtidig nytt Sotrasamband i sør».


Barnetråkk Spildepollen

For Spildepollen er det skuleelevar som har rapportert, og dei melder om ein fin og god skule. Det er også registrert at nokre opplev seg utrygg, og mange seier det er søppel rundt skulen og fotballbana. Sykkel vert brukt til og i skuleområdet, og sykkelparken blir brukt til både aktivitet og som sosial møteplass. Nærbutikken er også ein viktig møteplass i lokalsenteret. Bustadområdet ved Solhaugen har eigenskapar som mange likar, men ved utkøyrsla registrerer barna utryggleik og trafikk. Det same gjeld i Tveitasvingane.


Aktivitetar



Negativt



Positivt



Spildepollen skule fungerer som viktig møteplass og aktivitetsarena. Her er det liv og rørslle både på dagtid og kveldstid.



Trafikk langs skuleveg opplevast skummelt for nokon. At bilar ikkje stoppar og at det manglar overgangsfelt er meldt inn.




Flere seier dei likar plassen dei bur på, at dei har fine hus og har vener. Skogen i nærområdet vert opplevd som noko bra.

Kart 7.4. Innspel frå barnetråkk i Spildepollen.

Uterom og møteplassar

Skulen med omkringliggende turløyper og sykkelpark er viktige møteplassar i Spildepollen, men dei saknar ein «*plass med tak for dei som ikkje er i sykkelparken*». Også barnetråkk-registreringa viser til viktigeita av skuleområdet som møteplass på fritida. I tillegg peikar barn og unge ut stader der dei likar å bade, og der dei kan ake og skøyte på vinteren (sjå barnetråkk-kart 7.4.).

Innbyggerane viser til fleire badeplassar som er brukt som møtestad (kart 7.5.). For å sikra betra tilkomst, meiner dei det bør lagast «*sti til badevika*» i tillegg til «*parkeringsplass*». Dei saknar også ein lett tilgjengeleg «*møteplass ved kai og sjø*» i området.



Kart 7.5. Innspel som gjeld viktige møteplassar i Spildepollen.


Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring

Naturen og sjøen er Spildepollen sitt viktigast ressursgrunnlag, og dei meiner det bør avsetjast «*eit større område til næring ved sjø; utvida det eksisterande*». Det bør også vera rom for å «*utvida eller laga nye hamneområde for fiskarar*». «*Fleksibilitet i næringsområda*» meiner dei er viktig for at nye næringer skal kunna veksa fram.

Område har også potensiale til å utvikla reiselivstilbodet sitt. Både «*overnatting*» og eit «*naturmiljøsender*» for turistar er spelt inn som moglegheit. I tillegg kan ei framtidig småskala næring vera: «*Kørelatrollet naturopplevingspark, som kan etablerast med vassdragspadling frå Spilda til Eide, der ein kanskje får oppleve krusningar frå Kørelatrollet i løpet av turen*».

Kor tilfreds er innbyggerane?

Spildepollen, saman med Stranda, er det lokalsenteret der innbyggerane i snitt gir høgast skår på dei 8 temaområda vi har bedt dei vurdere. Då er det kanskje litt uventa at innbyggerane i Spildepollen gir desidert lågast skår på trivsel (3,8 av 5). Mest sannsynleg kan dette forklarast med at lokalsenteret er relativt nytt. Sjølv om dei er nøgd med det meste, kan det ta tid å bygga nettverk og naboskap. T.d. er det vert å merka seg at verken «fellesskap» eller «naboskap» er nemnt blant dei kvalitetane som gjer lokalsenteret særpreg (sjå figur 7.1.).



Figur 7.2. Innbyggerane i Spildepollen si grad av tilfredsheit (N=16)

Kva bør gjerast noko med i Spildepollen?

Også i Spildepollen er det flest som meiner at «mobilitet og trygg ferdsel» må gjerast noko med. Betre kollektivtilbod er også nemnt, men tilbakemeldingane handlar mest om «trygg skuleveg», «overgangsfelt» og «samanhengande gang- og sykkelveg». Utrygg veg, så som i Tveitasvingane og frå Glesnes og Telavåg, hindrar trygg tilkomst til skulen og møteplassen i Spildepollen, meiner dei.

Å kunna nytta naturen og sjøen er også viktig for innbyggerane. Per i dag er dei godt nøgd (poengskår 4,5 av 5), men dei ønskjer å gjera tilgangen endå betre. Døme på ønska tiltak er:

- «Betre tilgang til sjø»
- «Fleire turløyper og sykkelstiar»
- «Utvikla turveg med sløyfe innom badevatn».

8. Innbyggjarinnspel Stranda

Fakta om Stranda

Stranda er det sørlegaste, og eitt av dei mest folkerike lokalsentera i Øygarden. Nær 1800 personar er busett innanfor ti minuttars sykkelavstand frå sentrumpunktet. 26 prosent av desse er barn og unge (0-18 år). 14 prosent er 67 år eller eldre. 77 prosent av innbyggjarane bur i einebustad.

Det er potensiale for vidare utvikling, og i gjeldande planar er det potensiale for rundt 270 nye bustadeiningar.

Av tilbod som finst i lokalsenteret finn ein mellom anna barnehage, barneskule, ungdomsskule, svømmebasseng, daglegvare, drivstoff, byggevare, samfunnshus, trussamfunn, og reiseliv/turisme.



Identitet og tilhøyrse

I lokalsenteret Stranda er det naturen og dei mange turområda som innbyggjarane er mest stolt av. Også kystkulturen og sjøen er viktige kvalitetar i lokalsenteret.

Figur 8.1. Kva ved Stranda gjer deg stolt? (N=56).

Kulturmiljøet i Håkonsund, som er ein gamal handelsstad med røter tilbake til 900-talet, vert også trekt fram som viktig særpreg for området.


Bustad for alle og gode bumiljø

Nokre meiner det er ei god blanding av ulike bustadtypar i lokalsenteret i dag, også for førstegangsetablerarar. Dette er positivt. Andre spelar inn at det er behov for større variasjon i bustadtilbodet. Døme på behov er seniortun/eldrekompleks og bustader med livsløpsstandard innanfor gangavstand til servicetilboda i lokalsenteret. I tillegg er det behov for fleire rimelege bustader for førstegangskjøparar og einslege, meiner dei.

Fleire ønskjer meir fortetting i etablerte buområde. Eit døme er: «*Boligar i område Forlandsvågen som skapar god tilknytning til sjø utan å privatisere sjølinja*».

Sjølv om nokon ønskjer fortetting, meiner andre at meir spreidd bustadbygging vil bidra til betre bumiljø. I kart 8.1. har innbyggjarane peika ut fleire område, der det ikkje er bustader i dag, som dei meiner vil egna seg til framtidig spreidd bustadformål.

Bustader for eldre derimot, bør vera nær butikk, og etablerarbustader bør ligga nær skule og barnehage.



Kart 8.1. Innspel som gjeld bustad for alle i Stranda.

På spørsmålet om kva som vil gjera bumiljøet betre løftar dei fram betre tilgang til båtplassar. Tilbod som pub og fleirbrukshall vil også vera positiv for bumiljøet i Stranda.

Tenestetilbod

Innbyggjarane peika ut fleire viktige tenestetilbod som dei har i dag. Dette gjeld tilbod som skule, barnehage, butikk, byggevare, basseng, ungdomshus, grendahus og kafé/selskapslokale.

Fram i tid ønskjer dei større speleflater til idrett og større svømmebasseng: «*Lokalsenteret manglar truverdige flater (inne og ute) til idrett. Dagens flater innbyr ikkje til organisert trening til m.a. fotball*».

Dei peikar også på behovet for «*fritidsaktivetar for alle, og særskild eit tilbod for barn og unge med utviklingshemming og mobilitetsvanskar*». Tilrettelagde badeplassar, og ei utviding av lokalbutikken med kontor, kafé og andre tilbod vert også nemnd.

Fleirtalet av innspela som gjeld tenestetilbod, handlar faktisk om dei utfordringane mange har for å ta seg fram til dei tilboda som finst i dag. Dette gjeld særleg for dei som bur i retning Vorland/Tofterøy. Her opplever mjuke trafikantar det som utrygt å ta seg fram. Dei manglar også kollektivtilbod:

- «Ikkje mogleg å ta buss frå Tofterøy til lokalsenteret, bussen køyrer mot Skogsskiftet»
- «Det er ikkje mogleg å komme seg til lokalsenteret utan bil, og det er ikkje trygt å gå»

Lett tilgang til natur

Stranda er det lokalsenteret som skårar høgast på tilgang til natur. Innbygarane peika på ei rekke naturområde som er viktige for dei (kart 8.2.).



Kart 8.2. Innspel som gjeld tilgang til natur i Stranda.

Som vist i kart (sjå også barnetråkk, kart 8.4.) gjeld dette turområde, turstiar, bade plassar, områder som blir brukt til skøyting på vintertid, og områder ved sjøen som blir brukt til vassport og fiskeaktivitet.

Innbygarane viser også til betydeleg dugnadsinnsats for å gjera turløypene i området godt tilrettelagt. Dei viktige naturområda er del av identiteten til lokalsenteret, meiner dei:

«Utmarksområde mellom Forlandsvågen/Håkonsund/Austefjorden er kjempeviktig! Dette området er mye brukt som turområde/rekreasjonsområde for lokalbefolkninga, skulane og barnhagen, heile året». «Vågen er også viktig for å vise strilakulturen med fiske og nærleik til sjø».


Det er også gitt innspel til omsynssoner og vern. Blant anna må omsynssona rundt kulturmiljøet i Håkonsund oppretthaldast. I tillegg må: «Grunnavågen, Grunnavågsmyra og nærliggjande myrar tas

vare på. I dag (jf. samfunnsdelen til kommuneplanen) er grensene til lokalsenteret sett slik at området inkluderer disse myrane. Grensen burde heller flyttast sørover langs Austefjordsvegen».

Sjølv om innbyggjarane er godt nøgd med tilgangen dei har til natur, finst det tiltak som vil betra tilkomsten ytterlegare. Desse innspela handlar om «tilrettelagte badeplassar», «universelt utforma turstiar» og «å knyta saman fleire turstiar til rundløyper».

Mobilitet og trygg ferdsel

Innspel som gjeld mobilitet og trygg ferdsel handlar mest om kollektivtilbod og trafikktryggleik. I kartet er det vist til mange stader som dei meiner er uttrygt å ta seg fram i lokalsenteret. Dei viser også til moglege snarvegar.



Kart 8.2. Innspel som gjeld mobilitet og trygg ferdsel i Stranda.


Frå barnetråkk går det også tydeleg fram at mange føler seg utrygge når dei ferdist langs vegen i Stranda. Dette gjeld særleg på strekinga mellom Vorland og Forland, Håkonsundvegen og på Austefjordvegen. Vorland/Forland er det behov for gang- og sykkelveg. Når det gjeld Austefjordvegen er: «snarvegen frå Austefjordsvegen til Forlandsvegen god, men den møter krysset mellom FV og Austefjordsvegen på ein utrygg måte (brukt av alle skuleborn)».

Håkonsundvegen er også utrygg: «Veien er smal og uten fortau. Dette er skolevei for mange barn og mye brukt av gående og syklende heile dagen, som transport til og fra kollektivtrafikk, butikk og turområder i bygda. I tillegg er det mye trafikk til næringsområde/kai i Håkonsund, herunder tungtrafikk. Denne veien bør få fortau og/eller fartsgrænse 30 km/t langs hele veien».


Barnetråkk Stranda

Det er kommen mange innspel for Stranda og Forland, spesielt langs hovudvegen, skuleområdet og dei nærliggande bustadområda. Born frå både barnehage, barneskule og ungdomsskule har rapportert inn. Det er mange ulike aktivitetar i lokalsenteret, både sykling, symjing, skøyter og ballspel. Det er samtidig registrert søppel ved barneskulen og ved hovudvegen. Når det gjeld trafikk og mobilitet handlar innspela om at det er mange bilar, ein opplev seg utrygg, det er mørkt, forsøpla og at ein ønskjer endring. Borna trekk fram at dei har god utsikt, fin skog og fint hus. Dei har møteplassar ved skule, heime og på leikeplassar i nærområda, likevel ønskjer fleire å få opprusta leikeplassane sine.

Positivt og negativt



Aktivitetar



Stranda skule er trekt fram som eit fint bygg, med variabelt tilbod. Ungdomsskulen som ligg tett ved har også gode eigenskapar.



Mykje trafikk og støy er registrert ved skulen, langs hovudveg og mot store bustadfelt. Det manglar veglys og mange er utrygg.



Borna melder om fine plassar, blant anna i Forlandsvågen. Det er også registrert mange fine skogar og grøntområde..

Kart 8.3. Innspel frå barnetråkk i Stranda.

Området rundt skulane vert heller ikkje opplevd som trygg: «*Trafikkløysinga og -utforminga rundt skuleområde innbyr ikkje til fri ferdsel for mjuke trafikantar. Utrygg ferdsel langs veg hindrar tilkomst og deltaking på fritidsaktivitetar i lokalsenteret*». Det også behov for «*trygge overgangar med veglys*».


Mange innspel handlar om manglande kollektivtilbod. Bl.a. er det: «*veldig dårleg busstilbod på strekninga Kleppe/Forland til Skogsskiftet*». I gamle Sund treng dei «*busstilbod som går rundt og ikkje berre ein veg*». Bruk av minibuss med hyppige avgangar, meiner dei er løysinga. Dei stiller også spørsmål ved kvifor busstoppet ved butikken er teken bort.

Uterom og møteplassar

For barn og unge er område rundt skulen den viktigaste møteplassen i lokalsenteret. Innbygarane meiner at skuleområdet bør oppgraderast med fleire aktivitetstilbod. Bl.a. er det behov for fleirbrukshall og kunstgras på grusbanen ved ungdomskulen. Det blir også vist til at leikeplassen ved Engjamyra/Fardalen held på å forfalle, og at dei treng midlar til å betra den.

Naturen og sjøen byr også på viktige møteplassar, men som i dei andre lokalsentra, er det behov for meir universell tilrettelegging: «*Lokalsenteret manglar tilrettelagt framkomst i naturen, sjø og kai for rullestolar og barnevogn. Vi treng tilgjengelege badeplassar for handikappa også*».


Kystkultursenteret i Trellevik, Håkonsund og fleire grenda- og ungdomshus er også viktige plassar for innbyggjarane. Av tilbod dei gjerne skulle hatt i tillegg, er det nemn pub og eit lokale til kontorplassar.



Kart 8.4. Innspel som gjeld viktige uterom og møteplassar i Stranda.

Lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring


Stranda og bygdene rundt er rike på kulturhistorie. Håkonsund og Trellevik er allereie nemnt, men også Klockarvik, Kleppe, Kleppsholmen, «Gitaren og Johannes Kleppevik», Vetten, og mange naustmiljø er spelt inn som viktige identitetsmarkørar og ressursar i og kring lokalsenteret. Det finst også eit potensiale i å laga «kulturscene, kulturpub, senior boligar, sjøspeidarar med meir, rundt det gamle båtbyggeriet i Sildavika/Forlandsvågen».



Kart 8.5. Innspel som gjeld lokale ressursar som kan nyttast til småskala næring i Stranda.

Innbyggerane meiner at dei lokale ressursane bør nyttast betre, og utviklast mot reiseliv og turisme. Lokale guidar som kan formidla kulturhistoria har dei tilgang på, men for å koma i gang treng dei «eit arbeidsverkstad» og «byggja eit nettverk» slik at dei saman kan utvikla og ta imot turisme. Det ligg eit særleg potensiale i å utvikla «ny næring i gamle naust», men «strandsoneforvaltning og byråkrati» hindrar slik småskalanæring, påpeikar dei.

Figur 8.2. Innbyggerane i Stranda si grad av tilfredsheit (N=24).



Kor tilfreds er innbyggerane?

Innbyggerane i Stranda er samla sett mest tilfreds (sjå poengskår figur). Trivselen er høg, dei har gode bumiljø og er rimeleg nøgd med bustadtilbod, tenestetilbod og møteplassar i lokalsenteret. Dei er også særst nøgd med tilgangen dei har til naturen.

«Mobilitet og trygg ferdsel», derimot, er dei lite nøgd med (poengskår 1,9 av 5), og er definert som eit problemområde som må gjerast noko med.

Kva bør gjerast noko med i Stranda?

Blant dei sju lokalsentera er det innbyggerane i Stranda som er minst nøgd med «mobilitet og trygg ferdsel». Blant anna spelar dei inn at utrygg framkomst, og manglande kollektivtilbod hindrar deltaking på fritidsaktivitetar: «Mangel på fortau, gang- og sykkelveg på Forland – Vorland, avskjer 1/3 av innbyggerane i Stranda krins frå trygg ferdsel til skule, barnehage, butikk, fritid, mosjon med meir».

Forslag til utbetringar er her mange, og femnar om «veglys og gangsti», «trygg overgang ved Steinsland krysset», «lågare fartsgrense, maks 30 km/t, på skuleveg», behov for «fortau» og «tryggare skuleveg i form av ny gang- og sykkelveg mellom Forland og Vorland».

Innspela handlar også om manglande busstilbod, og at vi må «ta i bruk minibussar med hyppige avgangar, som køyrer «rundt» og ikkje berre ein veg».

Skuleområdet er ein viktig møtestad i lokalsenteret, og innbyggerane meiner det her bør leggjast til rette for fleire aktivitetsanlegg, så som «idretts-/kunstgrasbane, fleirbrukshall og klatrevegg». Dei oppfordrar også til meir bustadbygging for: «førstegongsetablerarar nær skule og barnehage». For eldre bør det byggjast «lettstelte leilegheiter på eit plan nær butikk og busstopp».


9. Kva er felles og kva skil lokalsentera frå kvarande?

Som nemnt i kapittel 1 skal innspela og kunnskapen vi har fått gjennom medverknadsaktivitetar hjelpe oss i arbeidet med å:

- utdjupe samfunnsdelen sine lokalsenterstrategiar for nærmiljøutvikling, bustader og enkelt kvardagsliv for alle
- fastsetta lokalsentra si utstrekning og omfang av fortetting og tenestetilbod
- avklara korleis vi kan leggja til rette for bustader for alle i lokalsentra
- utvikla småskala næring basert på ressursane og identiteten/særtrekka som lokalsentera har

Vidare skal kunnskapsgrunnlaget vera gjenstand for politiske drøftingar om prinsipp og vedtak av strategiar for bruk av areala i dei sju lokalsentera i Øygarden.

Figur 9.1 illustrera kva som er fellestrekk og kva som skil lokalsentera frå kvarandre.



Figur 9.1. Kva er felle og kva som skil lokalsentera frå kvarandre.

Dette er felles ved lokalsentera

Felles for dei sju lokalsentera er at innbygarane generelt rapporterer om god trivsel. Innbygarane i alle dei sju lokalsentera verdset også tilgang på natur og sjø høgt, sjølv om det varierer noko på kor god tilgang dei har. Innbygarane har vore særskild opptekne av den universelle tilgangen til natur og

sjø. Natur og tilgang til sjø har ei viktig rolle for moglegheita til rekreasjon, men fleire har også peika på viktige naturtypar som vi må ta vare på. Mange har også vist til natur og sjø som lokalt ressursgrunnlag, med potensiale for småskala næring; særleg retta mot reiseliv og turisme. I alle lokalsentera er det kome innspel om verdifulle naturområde som må bevarast for framtida.

Innbyggerane er også opptekne av tenestetilbodet som finst i lokalsenteret, særleg skule, barnehage og butikk der det finst. I dei fleste lokalsentera etterspør dei likevel eit breiare tilbod. Trafikksikring er eit tema som er aktuelt i alle dei sju lokalsentera. Når det gjeld bustadtilbod, er bustader for eldre og førstegangsetablerarar noko som går igjen i dei sju lokalsentera.

Dette er unikt ved dei ulike lokalsentera

Tjeldstø er det lokalsenteret som ligg tettast på sjøen. Tjeldstø har utfordringar med byggeforbod i store delar av lokalsenteret (Gassco). Det finst likevel moglegheiter for vidare utvikling av lokalsenteret, men det er behov for å avklara handlingsrommet. Tjeldstø har stort potensiale for småskala næring som dei meiner ikkje er utnytta. I framlegg til barnehage- og skulebruksplan er Tjeldstø skule foreslått lagt ned frå 2037/-38.

Toftøy har eit konsentrert oppveksttilbod med skule, barnehage og idrettsanlegg sentralt i lokalsenteret. I framlegg til barnehage- og skulebruksplan er Toftøy skule foreslått lagt ned frå 2037/-38. Innbyggerane framhevar viktigheita av å ha eit lokalsenter «midt mellom» Ågotnes og Rong. Difor meina dei at dagens tenestetilbod må oppretthaldast. I tillegg saknar alle aldersgrupper ein daglegvarebutikk, og er opptatt av det må setjast av areal til dette formålet i KPA.

Knarrevik er det lokalsenteret som tydelegast har peika på utfordringar med tilgang til natur. Det er lite potensiale for vidare bustadbygging i lokalsenteret, og det er tydelege målkonfliktar mellom bustad- og næringsutvikling, og natur. Lokalsenteret har mykje spanande lokalhistorie. I framlegg til barnehage- og skulebruksplan er Hjelteryggen skule (2033/-34) og Marihøna barnehage (2028/-29) foreslått lagt ned. Innbyggerane gir uttrykk for at dei orienterer seg mot Straume, Drotningsvik og Brattholmen, og har gitt mindre uttrykk for ønskje om utvida tenestetilbod enn andre lokalsenter.

Ulveseth/Møvika

I framlegg til barnehage- og skulebruksplan er Ulveset skule foreslått lagt ned frå 2029/-30 og erstatta med ny skule på Møvika (inkludert elevar frå dagens Skålevik skule). Ulveset barnehage er også foreslått lagt ned frå 2025/-26. Innbyggerane er særleg opptatt av korleis skulen og uteområdet skal nyttast fram i tid. Det er særleg viktig for dei at skulen sitt uteområde, med god kopling til skogen og turløyper, blir oppretthaldt som naturleg møteplass i området.

Fjell har heilt frå gammalt av hatt ein senterfunksjon, og har mykje spennande kulturhistorie. Lokalsenteret er prega av landbruk som gir identitet, men er også utfordra av trafikksituasjonen og vegen som går gjennom lokalsenteret. Innbyggerane gir tydeleg tilbakemelding om behovet for bustadbygging sentralt (enkle leilegheiter for eldre) og fleire møteplassar. Dei ser stort potensiale i å utvikla det gamle skulebygget og området rundt til bustadbygging, aktivitetar og møteplassar for innbyggerane.

Spildepollen er eit nytt lokalsenter, noko som truleg er årsaka til at innbyggerane i dette lokalsenteret rapporterer om noko lågare trivsel enn i dei andre lokalsentera. Spildepollen har eit flott tilbod til barn og unge, med barnehage, barneskule, fotballbane og sykkelbane/pumtrack.

Stranda er det lokalsenteret som har best tilgang på natur, og innbyggerane viser fram ei rekke viktige natur- og turområde. Også her er det etterspurt den universelle tilgangen til natur og sjø. Stranda har ein rik kulturhistorie med potensiale for utvikling av reiseliv og turisme. Stranda er det lokalsenteret som har størst utfordringar med trafikk og mobilitet, og for ein stor del av innbyggerane i bygdene rundt er bil einaste alternativet for å koma seg til sitt næraste senter.

Dette bør vi ha fokus på i arealdelen til kommuneplanen

Bustad for alle – Innbyggerane er opptekne av bustader for eldre og førstegangsetablerarar. Som reguleringsmynde har ikkje kommunen høve til å bestemma målgrupper for bustadområde. Vi kan likevel planlegga for eit meir aldersvennleg samfunn ved å sikra bustadareal tett på lokalsenterfunksjonar som butikk og kollektivtilbod. For areal som kommunen eig sjølv kan vi påverka i større grad, t.d. gjennom klausular for vidaresal av tomter, eller eventuelt ved å bygga sjølv for vidaresal/utleige til gitte målgrupper. Dette vil vera verkemiddel utanfor rolla som reguleringsmynde, og utanfor arbeidet med arealdelen til kommuneplanen.

Mobilitet og trygg ferdsel – Trafikksikring på eksisterande strukturar er noko kommunen arbeider med på andre måtar enn gjennom KPA. Det har kome inn fleire konkrete innspel på trafikksikring i medverknad med innbyggerane. Desse innspela vil bli handtert og gitt prioritering i trafikksikringsplanen til kommunen, som er i prosess, og som skal til vedtak sommaren 2025. For å sikra god mobilitet og trygg ferdsel for framtida vil det vera eit viktig prinsipp å sikra bustadareal der det allereie er godt kollektivtilbod og gode tilhøve for mjuke trafikantar.

Uterom og møteplassar – Innbyggerane løftar fram betydninga av skulen og barnehagane sine uteområde, samt lokale idrettsanlegg som viktige møteplassar i lokalsentera. I tillegg peikar både vaksne og barn på naturen og sjøen som svært viktige møteplassar for treff, aktivitet og leik. I KPA må vi ha fokus på å sikra tilstrekkeleg areal til både organisert og uorganisert aktivitet. Områder som inviterer til uorganisert aktivitet er særleg etterspurt av innbyggerane. Når det gjeld tilgang til natur og sjø må vi ta vare på det natur- og friluftssarealet som både særpregar sentera våre òg gjer dei til attraktive buområde i framtida (sjå også pkt. «lett tilgang til natur»).

Tenester i lokalsenteret – Innbyggerane er opptekne av tenestetilbodet dei har i dag, men ønskjer seg også eit utvida tilbod. Nokre peikar på offentlege tenestetilbod innanfor helse og oppvekst. Fleire ønskjer seg også møteplassar i form av ein kafé, og anna privat servicetilbod. Arealdelen kan ikkje sikra at denne typen aktivitetar vert etablert, men det kan vera eit viktig prinsipp å setta av noko areal til privat tenesteyting og handel i fleire av lokalsentera, og dermed leggja til rette for at nokon kan etablere eit tilbod der det er grunnlag for det. Samstundes vil det vera viktig å sikra bustader tett på den typen tenesteyting, for å fremma grunnlag for drift.

Lett tilgang til natur – Innspela viser at natur og tilgang til sjø er svært viktig for innbyggerane våre, og at dette er høgt verdsette kvalitetar ved lokalsentera. Gjennom arealdelen kan vi velja å ta vare på tilgangen til natur og sjø, ved å ikkje bygga ned gode koplingar, men også leggja til rette for nye koplingar der det kan la seg gjera. Gjennom arealdelen kan vi arbeida for at nye bustadområde skal ha god tilgang til natur, og vi må finna balansen mellom vern og utbygging. Universell tilgang til natur og sjø er også ein gjengangar i innspela. Dette er viktig for å sikra at fleire får tilgang, men det vil også krevja at vi gjer inngrep i naturen. Det kan bety at vi må prioritera kor i kommunen vi legg til rette for universell tilgang til sjø og natur.

Ressursgrunnlag og småskala næring – Innbyggerane peikar på naturen som eit viktig ressursgrunnlag, med godt potensiale for å utvikla opplevingar knytt til reiseliv og turisme. For å sikra grunnlaget for småskala næring i lokalsentera er det difor viktig at vi tek vare på naturen og sikrar tilgang til sjø, i samsvar med punkta over (sjå uterom og møtestadar/lett tilgang til natur).

Vedlegg 1: Tilbakemelding frå råda - innspel til utvikling av lokalsentera

Ungdomsrådet

Refleksjon kring dei innspela vi har fått om utvikling av lokalsentra - Er innspela/tema relevante for dei interessene som rådet representera?

- Natur og miljø er viktig
- Busstilbod – vi klagar men det er fylket som styrer
- Møteplassar for vår aldersgruppe – organisert og uorganisert er viktig for unge
- Mobilitet/kollektivtilbod er avgjerande for at unge skal kunna ta seg fram
- Mobilitet bra på Straume, men må prioriterast over alt

Er det spesielle innspel de kjenner dykk godt igjen i?

- Trygghet for barn og unge er viktig
- For få møteplassar til ungdom
- I heile Øygarden er det dårleg transporttilbod
- Trygg ferdsel i distrikta, berre gamle vegar
- Ikkje nok fritidstilbod i distrikta
- Vi treng meir gangvegar. I dag må barn gå langs dårleg veg

Er det problemstillingar som er spesielt viktig å løfta fram/prioritera i vidare planarbeid?

- Trygg skuleveg og framkomst
- Betre busstilbod
- Betre framkomst vil gi gevinst på fleire sektorar
- Ikkje prioritere ned næringsutvikling

Er det tema/innspel de saknar?

- Park i lokalsentera
- Prioriteringar v.v. økonomien til kommunen
- Gode og dekkjande innspel, men dei må også prioriterast

Rådet for menneske med funksjonsnedsetting

Refleksjon kring dei innspela vi har fått om utvikling av lokalsentra - Er dei relevante for dei interessene som råda representera?

- Gode innspel. Dersom tilrettelegging skjer med utgangspunkt i dei som har størst behov, kan alle bruka tilboda
- Viktigheita av natur og sjø
- Bustad for alle, variert bustadtilbod
- Skuletilbod viktig

Er det spesielle innspel de kjenner dykk godt igjen i?

- Transporttilbodet er godt sentralt, men ikkje i distrikta
- Bustadtilbodet må tilpassast alle sitt behov. Nokon treng store/tilrettelagte bustader pga. hjelpemidlar som krev plass
- Tilgang til sjø og natur er viktig, med tilrettelegging for alle
- Jf. prosjekt i Sunnfjord: tilrettelagt, fleire aldersgrupper og funksjonsvariasjonar samla, nært lege og butikk og tilrettelagte møteplassar
- At det ikkje er god nok tilgang til dei tilboda som finst
- Tilrettelagt aktivitetstilbod – tilbod for alle

Er det problemstillingar som er spesielt viktig å løfta fram/prioritera i vidare planarbeid?

- Legge til rette for tilgang til sjø/natur for alle
- Møteplassar som ikkje dreiar seg om idrett
- Legge bustader i områder der det er tilgang til natur
- Ta vare på natur/strandsone slik at det er tilgjengeleg for alle
- Ikkje bygge ut på bekostning av naturen
- Mobilitet – nærmiljø som kan brukast
- Variert bustadtilbod

Er det tema/innspel de saknar?

- Universell utforming av leikeplassar
- Fordeling av tenester i heile kommunen
- Aktivitetar til alle aldrar og funksjonsnivå i heile kommunen
- Parkeringsplassar ved natur/sjø, tenester, møteplassar og aktivitetsplassar
- Boligkompleks for alle, med ulik tilrettelegging og tenestetilbod
- Uteområde og leikeområde

Eldrerådet

Refleksjon kring dei innspela vi har fått om utvikling av lokalsentra - Er dei relevante for dei interessene som råda representera?

- Ja, men kanskje med ei anna rekkefølge på resultat, sett med dei eldre sine auger (tenestetilbod først)
- Innspela treff og er i samsvar med våre interesser

Er det spesielle innspel de kjenner dykk godt igjen i?

- Dårlig kollektivtilbod
- Transport
- Tenestetilbod for alle aldrar
- Desentraliserte bustader
- Møteplassar
- Prioritera det å skapa trygge bumiljø i lokalsentera. For eksempel å omdanna sentrum av Fjell til eit samlande og godt bumiljø

Er det problemstillingar som er spesielt viktig å løfta fram/prioritera i vidare planarbeid?

- Tenestetilbod for eldre
- Kollektivtilbod og transport
- Bustader
- Møteplassar – transport – vil førebygga einsemd

Er det tema/innspel de saknar?

- Det tar litt lang tid å laga ein plan. Vi er redd for at i 2027 har samfunnet her ute endra seg så mykje. Kjem i utakt med tida, og planen er kanskje blitt litt «gammal»
- Omsorgsbustader og heildøgns omsorgsplassar
- Der det er mogleg – tilpassa planverket til den reelle no-situasjonen. T.d. bustadtomter LNF-formål